



Etne
kommune

Kommuneplanen sin arealdel

Planomtale



trygg • raus • engasjert **MOT**

Hei!

Etne kommune er ein langstrakt og mangfaldig kommune, frå fonna og dei bratte fjella, til dei grøderike landbruksareala, og ut til fjorden. Kommuneplanen er øvste styringsdokument og skal vera styringsverktøy for arealforvaltninga av kommunen vår. Me skal ivareta landskap og natur, innbyggjarar og næring, historie og kultur, og dra dei store linjene for bruk og utvikling av kommunen vår.

Viktigheita av at kommunen har ein oppdatert arealdel er avgjerande for korleis me skal bu og leva her i åra som kjem. Skal Etne vera ein attraktiv kommune må me heile tida ha areal klare som kan nyttast til næringsutvikling, bustader, fritidsbustader, kultur og idrett, då er det viktig at me seier kor dette skal vera slik at gjennomføring av tiltak kan gå saumlaust og utan opphald.

Arealdelen til kommuneplanen har teke tid å få på plass, og det er difor ei glede at me nå er komne i mål. Planen har blitt til med medverknad der innbyggjarar og næringsliv, folkevalde og tilsette har komme med innspel for å få planen til å komma i den beste utgåva. Me kan nå vera trygge på at planen vil vera eit solid verktøy til losa Etne kommune inn i framtida.

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim

Ordførar



Kontakt oss
Resepsjonen på Tinghuset
53 75 80 00
Ope måndag-fredag
09.00-15.00

E-post
post@etne.kommune.no

Post- og besøksadresse
Sjoarvegen 2, 5590 Etne

Kommunenr. 4611
Org.nr. 959 435 375

Foto Roar Bævre

Foto Roar Bævre

Kommuneplanen sin arealdel

Syner hovudtrekka i korleis areala skal nyttast og vernast; kva viktige omsyn som skal liggja til grunn ved disponering av areala og korleis ein skal oppnå måla for samfunnsutvikling gjennom arealbruk.

Arealdelen omfattar juridisk bindande arealkart og føresegner med ei rettleiande planforklaring med konsekvensutgreiing (KU) og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) jf. PBL § 4-2 2. ledd, og § 4-3 1. ledd. Ein vedteken plan skal leggjast til grunn for vidare planlegging og forvaltning jf. PBL § 1-5. Kommuneplanen sin arealdel er bindande for framtidig arealbruk jf. PBL § 1-6.

Reguleringsplan

Eit arealplankart med tilhøyrande føresegner som fastlegg bruk, vern, og utforming av areal og fysiske omgjevnader. Jf. PBL §12-1. Reguleringsplanar skal utarbeidast som områderegulering eller detaljregulering jf. PBL §12-2 og 12-3.

Områderegulering

Ei planform som kan utarbeidast av kommunen etter krav i kommuneplanen sin arealdel, eller der kommunen etter tilhøva finn det naudsynt å utarbeide slik reguleringsplan for eit større område for å betre ta vare på verneomsyn eller for å leggje til rette og setje rammer for vidare planlegging, utvikling og bygging.

Detaljregulering

Ei planform som vert nytta for å følgje opp og konkretisere overordna arealdisponering i kommuneplanen sin arealdel eller områderegulering. Hovudregelen er at alle har rett til å utarbeide eit planforslag når det vert nytta fagkyndige til å utarbeide planen, anten som ny plan, eller som ei endring av eksisterande plan. I samband med obligatorisk oppstartmøte kan kommunen avgjere å gå vidare med planen eller stoppe den. Går ein vidare med planane og eit planforslag er oversendt kommunen, er det opp til kommunen om ein privat innsendt reguleringsplan skal takast opp til handsaming og fremjast ved å bli sendt på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn. Kommunen kan også fremja alternative forslag til regulering av arealet.

Konsekvensutgreiing (KU)

Ei vurdering med føremål å klargjere konsekvensane av planar og tiltak som kan ha vesentleg innverknad på miljø og samfunn. Planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast og ev. ha planprogram følgjer av forskrift om konsekvensutgreiingar.

Det er den som fremjar planen som skal bera kostnadane med å utarbeide ein konsekvensutgreiing og ev. planprogram når dette er påkravd. Forslagsstillar har òg ansvar for at opplysningane som vert gitt til kommunen er riktige og kan etterprøvast, og at dei oppfyller krava i forskrifta.

Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)

Ei analyse av risiko og sårbarheit er eit generelt utgreiingskrav ved utarbeiding av planar for utbygging jf. PBL §4-3. Analysen skal syne alle risiko- og sårbarheitsforhold som har tyding for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i planen som omsynssone jf. PBL §§11-8 og 12-6.

Utbyggingsavtale

Ein utbyggingsavtale er ein avtale mellom kommunen og utbygger. Ein utbyggingsavtale kan omfatte teknisk infrastruktur og grøntområde, bustadpolitiske tiltak og andre tiltak som er naudsynte for gjennomføring av ein konkret arealplan (til dømes ein detaljreguleringsplan) jf. PBL kap. 17.

Rekkefølgekrav

Uavhengig av arealføremål kan kommuneplanen sin arealdel vedta føresegner om rekkefølgekrav for å sikre etablering av samfunnsnyttige tenester, teknisk infrastruktur og grønstruktur jf. PBL §11-9 punkt 4.

Dispensasjonar

All endring av arealbruk skal hovudsakleg skje gjennom revisjon av kommuneplanen sin arealdel (KPA).

Kommunen kan gi varig eller mellombels dispensasjon frå føresegner fastsett i eller i medhald av plan- og bygningslova. Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Ein dispensasjon krev grunnleggjande søknad i tråd med plan- og bygningslova. Det betyr mellom anna at ein dispensasjon ikkje kan gis dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, omsynet i lova si føremålsføresegn, eller nasjonale eller regionale interesser vert vesentleg tilsidesett. Fordelande ved å gi dispensasjon skal vere klart større enn ulempe.

Det skal ved dispensasjon leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, jordvern, sikkerheit og tilgjenge.

Sentrumsområde

Sentrumsområda Etne og Skånøvik er i kommuneplankartet avsett med sentrumsføremål, der avgrensinga følger SSB sin definisjon av ein tettstad.

Universell utforming

Bygg og uteområde skal utformast slik at alle menneske skal kunne nytte dei på ein likestilt måte, så langt råd er utan særskild tilpassing eller hjelpemiddel.

Funksjonell strandsone

Landområde som står i direkte samspel med sjøen når det gjeld biologisk mangfald, friluftsliv, landskap og kulturmiljø og syner i plankartet som byggegrense. Dette er kommunen si skjønnsmessige vurdering av kva som er den mest verdifulle strandsona i område avsett til utbyggingsføremål.

Kulturminne

Kulturminne omfattar alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, herunder lokalitetar det knyt seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Eit kulturmiljø er område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Kulturminne og kulturmiljø skal vernast både som del av vår kulturarv og identitet, og som ledd i ein heilskapeleg miljø- og ressursforvaltning jf. lov om kulturminne.

INNHALD

DEFINISJON/FORKLARING.....	2
INNHALD.....	4
1. Om kommuneplanen.....	5
1.1 Innleiing.....	5
1.2 Planavgrensing	5
1.3 Heimel og verknad.....	5
2. Rammer for planarbeidet	6
2.1 Nasjonale føringar	6
2.2 Regionale føringar	7
2.3 Kommunale føringar.....	9
3. Planprosess og medverknad.....	10
4. Berekraftmåla til FN.....	12
5. Planforslaget – Behov og framtidig arealbruk	15
5.1 Område for bygg og anlegg	15
5.2 Samferdselanlegg og teknisk infrastruktur	30
5.3 Grønstruktur.....	32
5.4 Landbruk-, natur- og friluftsområde, samt reindrift	34
5.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag.....	35
5.6 Omsynssoner	38
5.7 Bandleggingssone.....	41
5.8 Temakart	41
6. Samla konsekvensar for miljø og samfunn	43
6.1 Dei samla konsekvensane av arealendringane og føresegnene til ny plan.....	43
7 Samandrag av risiko og sårbarheit i ny kommuneplan.....	50

I. Om kommuneplanen

I.1 Innleiing

Kommuneplanen sin arealdel viser noverande og framtidig arealbruk i kommunen, og er saman med føresegnene rettsleg bindande, jf. PBL § 11-6. Det er i tillegg utarbeidd diverse retningsliner som er retningsgivande for sakshandsaminga i kommunen. Føresegner og retningsliner ligg ved som eige dokument.

Denne planomtalen inneheld sjølve beskrivinga av planen, kva ein ønskjer å oppnå, samt verknadane av planen.

Kommuneplanens arealdel består av følgjande dokument:

- Plankart med omsynssoener og temakart (plankart er juridisk bindande, temakart er retningsgivande).
- Føresegner og retningsliner
- Planomtale med samla konsekvensutgreiing og samla ROS

Tilleggsdokument:

- Konsekvensutgreiingar av innkomne arealinnspel
- Strandsonekartlegging

I.2 Planavgrensing

Planområdet gjeld for heile kommunen inkludert sjøområda og vil erstatte arealdelen til kommuneplanen frå 2003, kommunedelplan for Etnesjøen frå 2012 og kommunedelplan for ny E134.

I.3 Heimel og verknad

Plan- og bygningslova § 11-1 set krav til at kommunar skal ha ein kommuneplan som inneheld ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel. Kommuneplanar er kommunane sine overordna styringsdokument og skal ha langsiktige mål og strategiar for kva utvikling ein ønskjer.

Arealdelen til kommuneplanen gjeld heile kommunen og skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling, arealbruk og miljøutfordringar. Gjennom planen skal nasjonale, regionale og kommunale mål og retningsliner samordnast og gjerast gjeldande for samfunnsutviklinga til kommunen.

2. Rammer for planarbeidet

Plan- og bygningslova styrer i hovudsak planarbeidet i kommunen, men det er i tillegg mange andre lover som regulerer arealbruken. Forvaltinga etter desse sektorlovene er ofte lagt til andre styresmakter enn kommunen, til dømes Statsforvaltar, Fylkeskommunen, Statens vegvesen, NVE, Kystverket og Fiskeridirektoratet. Naturmangfaldlova stiller til dømes krav om kva vurderingar som må gjerast og omsyn ein må ta i høve til naturverdiane, både i arbeid etter plan- og bygningslova og etter dei ulike sektorlovene. I tillegg til lovverk gjeld også overordna nasjonale og regionale føringar gjennom retningslinjer og føringar.

2.1 Nasjonale føringar

I samband med utarbeiding av ny arealdel til kommuneplan har me sett til dokumentet, *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023*. Dokumentet er utarbeida av Kommunal- og moderniseringsdepartementet og omhandlar kva forventningar regjeringa har ved overordna planlegging i kommunar og fylkeskommunar. Regjeringa har lagt vekt på at Noreg står ovanfor fire store utfordringar som er:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Regjeringa har mellom anna bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å få tak i dei største utfordringane i vår tid. I kapittel 4 kan ein lese meir om korleis berekraftmåla til FN er inkludert i den nye arealdelen til kommuneplanen.

Vidare står det skrive at ein overordna arealstrategi i samfunnsdelen til kommuneplanen kan gjere arealplanane betre tilpassa behova og utfordringane til samfunnet. Gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen frå 2016 inneheld føringar for arealutviklinga i Etne kommune, og desse føringane er lagt til grunn for planarbeidet. Dette er meir omtala under delkapittel 2.3 som omhandlar kommunale føringar.

Av dokumentet går det også fram at ein oppdatert arealdel til kommuneplan gir raskare behandling av reguleringsplanar, og gjer tilhøva meir føreseieleg for innbyggjarar og næringsliv. Det er viktig at ny arealdel til kommuneplan vert eit godt underlag for reguleringsplanarbeid som er i oppstartfasa. Å redusere talet på dispensasjonssøknadar og med dette korte ned sakshandsamingstida ved handsaming av søknad etter plan- og bygningslova, har vore ei viktig målsetjing ved utarbeiding av ny arealdel til kommuneplanen. Meir hensiktsmessige arealføremål, funksjonell strandsone der det ikkje går ut over strandsonevernet, meir tidsriktige føreseigner og klåre føringar i høve til kulturminne, raudlisteartar, naturfare og maringrense er plangrep som me meiner at vil bidra til dette.

I kapittel 2 skriv regjeringa om viktigheita av at planane legg opp til ei berekraftig arealutvikling som fremmar eit grønt og berekraftig næringsliv. Medan kapittel 3 omhandlar nasjonale føringar knytt til berekraftig areal- og transportutvikling. Det vert mellom anna peikt på viktigheita av å leggje til rette for utbygging rundt kollektivknutepunkta i kommunen. I høve til dette temaet har me i administrasjonen sett til planen *Regional plan for areal og transport på Haugalandet*. Dette er nærare omtala i kapittel 2.2 som omhandlar regionale føringar.

Det siste kapittelet i dokumentet omhandlar nasjonale føringar knytt til utvikling av byar og tettstader der det er godt å bu og leve. Det er spesielt viktig for oss i Etne kommune å leggje til rette for aldersvennlege samfunn som tar høgde for at innbyggjarar skal ha moglegheita til å bu heime lengst mogleg, jf. «Leve heile livet». Ved å opne opp for fortetting i sentrumsområda, legg me til rette for at det kan kome fleire bueningar i gå- og sykleavstand til sentrumsfunksjonar.

Kapittel 5 i Plan- og bygningslova handlar mellom anna om korleis det skal leggjast til rette for medverknad i planprosessar og korleis regionalt planforum skal gjennomførast. Desse temaa er meir omtala i kapittel 3 i planomtalen som omhandlar planprosess og medverknad.

Elles har me sett til fleire statlege planretningsliner som mellom anna dokumentet: *Statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen*.

2.2 Regionale føringar

Dei regionale føringane som er lagt til grunn for planarbeidet er: *Regional plan for areal og transport på Haugalandet* og *Regional kystzoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger*.

Regional plan for areal og transport på Haugalandet dekkjer kommunane; Haugesund, Karmøy, Sveio, Tysvær, Utsira, Bokn, Vindafjord, Etne og Sauda. Planen legg opp til felles og langsiktige rammer for arealutvikling og transportutvikling i regionen. Ved utarbeiding av ny arealdel til kommuneplanen har me sett til kapittel 4.2 som omhandlar sentrumsutvikling, funksjonslokalisering og handel. Kapittelet omhandlar også begrepet «Senterstruktur» som inneberer eit senterhierarki som skal tydeleggjere sentera si rolle i regionen. Av inndelinga går det fram at Etne sentrum vert kategorisert som regiondelsenter, Skånevik sentrum vert kategorisert som områdesenter og Kyrping og Teigland vert kategorisert som grendesenter. Det er desse områda som skal utviklast vidare som sentrum.



UNDER: Tabell som skildrar nivåa i senterstrukturen og kriteria for å bli kategorisert som dei ulike sentra.

Tabell 4.2: Beskrivelse av nivåene i senterstrukturen – regionsenter, regiondelsenter, områdesenter og tettstedsenter/grendesenter, og hvordan funksjoner bør lokaliseres i henhold til senternivåene.			
Senterkategori	Formål	Lokalisering av publikumsrettede eller besøks-/arbeidsplassintensive funksjoner	Mulige eksempler
Regionsenter	Opprettholde og styrke et urbant bysentrum for hele regionen, med bredt og variert funksjonstilbud.	Publikumsrettede eller besøks-/arbeidsplassintensive funksjoner med regionalt omland.	<ul style="list-style-type: none"> • Sykehus og annet helsetilbud med regionalt omland • Universitet/høgskole, annen regional opplæring • Videregående skoler med særlig bredt fagtilbud. • Regionale og statlige kontorer • Regionale kulturinstitusjoner.
Regiondelsentre	Opprettholde og styrke tilgang på et bredt utvalg av funksjoner i de ulike delene av regionen.	Publikumsrettede eller besøks-/arbeidsplassintensive funksjoner rettet mot del av regionen.	<ul style="list-style-type: none"> • Helsetilbud for del av region • Ev. videregående skoler • Offentlige funksjoner for kommune eller del av region
Områdesentre	Tilgang til mest vanlige funksjoner i større tettsteder utenom regiondelsentre.	Publikumsrettede eller besøks-/arbeidsplassintensive funksjoner rettet mot nærmeste omland.	<ul style="list-style-type: none"> • Lokalt helsetilbud • Andre offentlige funksjoner for del av kommune
Tettstedsentre og grendesentre	Nærhet til daglige behov i tettsteder og grender.	Lokale funksjoner rettet mot eget tettsted eller grend.	

Senterstrukturen på Haugalandet består av fire ulike nivåer av sentre i et senterhierarki. Tabellen skisserer rolle, strategier for lokalisering av funksjoner, og mulige eksempler på funksjoner på hvert senter-nivå.

Regional planføresegn for lokalisering av handel:

«Nyetablering eller utviding av eksisterande handelsverksemdar er berre tillate i område avsett til sentrumsføresmål, slik desse er lokalisert, dimensjonert og avgrensa i gjeldande kommuneplan sin arealdel eller kommunedelplan. Unntak for nærbutikk og for varegruppene bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og andre større byggevarer.»

Vidare har me sett til retningslina som omhandlar arealutnytting i bustadområda. Tabellen seier at det i innanfor ein radius på 500 m frå Etne sentrum, bør vere minimum tre bustadar per dekar. Til samanlikning bør det innanfor same radius i Skånevik vere minimum 2 bustadar per dekar. Desse normtala er tatt med som retningsline under arealføre målet som heiter *Sentrumsføresmål*. Likeins er normer for minste uteopphaldsareal per bustad og tal og storleik på leikeplassar.

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger:

Regional kystsoneplan legg føringa for korleis kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger skal forvaltast. Hovudmålet i den regionale planen er at kystsona i regionen skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverke til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarar og miljøet. Det skal også leggjast til rette for at marine og maritime næringar i området kan utvikle seg vidare til å vere lønsame og konkurransedyktige i eit langsiktig perspektiv innanfor rammene av ei berekraftig utvikling.

Kapittel 3 i kystsoneplanen omhandlar viktigheita av å ha ei berekraftig kystsoneplanlegging som tar høgde for at dei ulike interessene i kystsona skal sikrast god sameksistens. Naturen skal forvaltast slik at plantar og dyr som finns naturleg i eit område, skal sikrast i levedyktige bestandar, og at variasjonar av naturtypar og landskap skal oppretthaldast. Etneelva er klassifisert som nasjonalt laksevassdrag, og Etnefjorden og Ølensfjorden er nasjonal laksefjord. Dette er vist i plankartet ved at det er lagt omsynssone H560 over områda med tilhøyrande føresegner som omhandlar vilkår for nye tiltak innanfor denne sona.

Korleis fiskeriinteressene i kommunen er tatt i vare, kan ein lese meir om i kapittel 5.5 som omhandlar arealføre mål i sjø. Kast- og låssetjingsplassane er med nokre få unntak vidareført, men dette er også omtala i same kapittel. Mellom anna er Åkrafjorden rekna som er stamfiskfjord, og i dette området er det ikkje høve til å drive med slaktefiskproduksjon. Planområdet inkluderer også to område for reketråling. Det eine feltet er lokalisert i Etnefjorden og det andre er lokalisert utanfor Sandvik på Skånevikstranda.

Vidare omtalar den regionale kystsoneplanen for Sunnhordland og ytre Hardanger viktigheita av å leggje til rette for reiselivsnæringa i arealplan. Reiseliv er eit særleg satsingsområde i arbeidet med næringsutvikling i Hordaland, og dette er også forankra i *Regional næringsplan 2013-2020*. Visjon og mål for arbeidet med reiseliv i Hordaland er å vere best i Norden innan natur- og kulturbaserte opplevingar. Å sikre allemannsretten og tilgang til friluftsområde, både dei små, grønne lungene i nærmiljøet, dei større samanhengande friluftsområda og tilgang til sjøområda, er positivt i reiselivssamanheng.

I samband med innspelsrunden er det kome inn nokre innspel som rettar seg mot turistnæring i tilknytning til sjø. Desse innspela har vorte vurderte og er blitt inkludert vidare i planarbeidet der ein har funne det forsvarleg. Område for fritidsbusetnadar på Nermark er eit eksempel på korleis område med grønstruktur og strand kan takast i vare i eit utbyggingsområde.

Dei mest populære friluftsområda i Etne kommune vert forvalta av Friluftsrådet Vest. Dette gjeld mellom anna for Sandvik på Skånevikstranda, Peparholen i Skånevik, Honsvika p Osnes og Taraldsøy som alle er populære badeplassar i kommunen.

Det er viktig at næringsområde som ligg til sjø vert prioritert for sjøretta næringar. Trygge, effektive og godt tilgjengelege farleier er avgjerande for kor godt eigna og attraktive næringsområda på land er. Næringsområdet på Tongane i Etne og Leknestangen i Skånevik ligg begge til sjø, og det er lagt til rette med kai for å ta i mot sjøtransport.

2.3 Kommunale føringar

Arbeidet med å revidere ny arealdel til kommuneplan er forankra i kommunal planstrategi 2020-2024 og samfunnsdelen til kommuneplanen 2016-2026.

Av kommunal planstrategi går det fram at det er behov for å revidere gjeldande kommuneplan (arealdel) for å betre imøtekomma dagens situasjon, samt betre møte dei utfordringane som lokalsamfunnet står ovanfor. Det er også eit mål med revisjonen at ein skal forenkle sakshandsamingsprosessen i kommunen gjennom meir hensiktsmessige arealføremål og føresegner i kommuneplanen sin arealdel og slik redusere talet på dispensasjonssøknadar. Planen skal også sikre god tettstadsutvikling og avgrensing mot kringliggande landbruksareal (kjerneområde).

I samfunnsdelen er det lista opp føresegner som omhandlar framtidig utvikling i kommunen og som gir føringar for kva arealdelen til kommuneplanen skal innehalde. Kapittel 5 i samfunnsdelen omhandlar framtidig utvikling av område for busetjing og næringsverksemdar i kommunen. Kapittelet inneheld mellom anna pkt. 5.2 som seier at kommunen skal leggje til rette for busetjing i alle bygdene i kommunen, men at hovudtyngda av ny bustad skal leggjast til tettstadane Etne og Skånnevik. Eit anna eksempel er pkt. 5.3 som seier at kommunen til ei kvar tid skal ha næringsareal til dei ulike typar næringar tilgjengeleg. Dette er eksempel på føringar som er inkludert i arealdelen til kommuneplanen ved bruk av arealføremål i plankartet og tilhøyrande føresegner. Likeins seier samfunnsdelen noko om kva arealføremål som skal ha særleg prioritet innanfor enkelte område. Til dømes seier pkt. 5.5 at Etne kommune er ein viktig reiselivskommune, og at omsyna til turistnærings næringsareal skal vektleggjast høgt i områda kring Åkrafjorden. Dette har vore lagt vekt på ved handsaming av innspel frå innbyggjarane som gjeld turistnærings areal i Åkrafjorden. Også kapittel 10 i samfunnsdelen som omhandlar arealdisponering i høve til natur, miljø og klima har vore eit viktig kapittel i samband med revisjon av arealdelen til kommuneplanen.

Plangrepa i ny arealdel til kommuneplan som omhandlar energi, klima og miljø er også inkludert i ny energi- og klimaplan 2023-2027. Planen vart vedteke i kommunestyret i desember 2022.



3. Planprosess og medverknad

Arbeidet med å utarbeide ny arealdel til kommuneplan starta opp i 2015, og formannskapet vart utpeikt som styringsgruppe for arbeidet. Planarbeidet er utført av Utviklingsavdelinga i Etne kommune, og det har vore deltaking frå andre relevante avdelingar etter behov.

Organisering	
Rolle	Ansvarleg
Styringsgruppe	Formannskapet
Prosjektansvarleg	Eining Utvikling, Etne kommune
Prosjektleiar	Rådgjevar plan, Kristine Ebne (og tidlegare tilsette i same stilling: Sven Selås Kallevik, Wermund Vetrhus, Mats Heiberg).
Prosjektgruppe/administrativ arbeidsgruppe i kommunen	Erik Kvalheim (leiar utvikling), Eileen Pedersen Selland (rådgjevar plan og miljø) og Kristine Ebne (rådgjevar plan).
Styringsgruppe for kommuneplanarbeidet	Fram til valet 2019: Alf Ove Nilsen (Ap), Maren Tungesvik Tveiten (Ap), Siri Klokkestuen (Ap), Kenneth Lyng Karlsen (FRP), Lars Olav Bergsvåg (H), Ingemund Berge (Krf), Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp). Etter valet 2019: Siri Klokkestuen (Ap), Kenneth Lyng Karlsen (Frp), Lars Olav Bergsvåg (H), Kari Aakra (Sp), Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp), Kristin Golf (V).

Totalt er det gjennomført 22 møter i styringsgruppa. Inkludert det fyrste møtet i 2014 der felles planprogram for samfunnsdelen og arealdelen vart vedtatt.

I samband med innspelsrunden vart det halde opne folkemøte i bygdene Skånøvik, Fjæra og Etne. Frist for å kome med innspel til planarbeidet vart sett til 12. april 2015. I innspelsrunden kom det inn om lag 130 innspel frå privatpersonar og næringslivet. I tillegg har administrasjonen i Etne kommune fremma eigne forslag. Kvart av innspela har fått si handsaming i styringsgruppa anten som eiga sak eller sett i samanheng med eit større område. Sakspapira har vore offentleggjort på kommunen si nettside ei veke i forkant av møta og etter at handsaminga er utført. I forkant av handsaminga er det utarbeida KU og ROS-analyse for innspela.

I sak 02/17 til styringsgruppa vart det vedtatt ei liste med vilkår for kva innspel som kunne grovsorteras frå kommuneplanarbeidet. Føremålet med dette var å luke vekk innspel som ikkje er i samsvar med ønskja utvikling for kommunen. Sak om innspel til grovsortering vart lagt fram for styringsgruppa i sak 04/17. For desse innspela vart det ikkje funne naudsynt å utarbeide fullstendig ROS-analyse då desse ikkje skulle implementerast i planarbeidet. Under følgjer kriteria for grovsortering.

Kriteria for grovsortering:

1. *Innspel som klart bryt med gjeldande lovverk og statlege- og regionale føringar er ikkje ynskeleg. Vurdering vil bli gjort i kvar einskild sak.*
2. *Innspel i områder med reguleringsplan skal ikkje godkjennast. Områder i reguleringsplan kan handsamast dersom det gjeld særskilde einskildsaker.*
3. *Innspel som råker dyrka jord er ikkje ynskeleg. Dersom eit innspel råker dyrka jord (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og beitemark) eller dyrkbar jord vil innspelet bli nøye vurdert opp mot samfunnsnytte. Unntak kan gjerast i einskildsaker etter særskilde vurderingar grunngitt i KU.*
4. *Kommunen vil ikkje opne for «omkampar» frå kommunedelplanen til Etnesjøen.*
5. *Dersom eit privat innspel ikkje er heilt i tråd med administrasjonen sine faglege tilrådingar, kan administrasjonen endre utstrekning og/eller føremål. Det vil då verte administrasjonen sitt reviderte framlegg som vert vidare vurdert i konsekvensutgreiing (KU) og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)*

Diverre har planprosessen tatt mykje lenger tid enn ønskja, og dette skuldast i hovudsak fleire nyttilsettingar i planstillinga og manglande kontinuitet i arbeidet. For å framleis sikre medverknad i planperioden, har me opna for at relevante innspel frå privatpersonar og næringslivet kan spelast inn til siste slutt. Me har også hatt dialog med byggesakshandsamerane undervegs i planarbeidet for å sikre at vedtak som er gjort etter plan- og bygningslova som er relevante for kommuneplanarbeidet er blitt fanga opp og inkludert i planarbeidet.

Mot slutten av planarbeidet såg ein det også som naudsynt å handsame ein del av innspela på ny i styringsgruppa. Dette vart mellom anna gjort fordi ein del av kartutsnitta frå sak 02/19 og 03/19 var for lite detaljerte til at styringsgruppa kunne ta endeleg stilling til dei. Endringar i regelverket undervegs i planperioden førte også til at plankartet i nokre tilfelle måtte justerast etter at innspelet hadde vore handsama i styringsgruppa. Dette gjaldt spesielt område som i NVE Atlas er markert med aktsemdområde for naturfare, og som i plankartet var sett av til arealføremålet LNF – Spreidd utbygging. Etter dialog med Statsforvaltar i Vestland og NVE vart det klart at all reell risiko skal avklarast på siste plannivå for utbyggingsområde i plan, og at det ikkje er rom for å skyve naturfarevurderinga vidare til byggesak. Såleis måtte ein del område som tidlegare var godkjent av styringsgruppa som område for LNF-spreidd utbygging gjerast om til område for LNF.

Oversikt møte i styringsgruppa		
Dato	Saknr.	Sak
14.10.14	072/14	Varsel om oppstart og vedtak om felles planprogram for samfunnsdel og arealdel
28.03.17	01/17	Temakart for kjerneområde landbruk
28.03.17	02/17	Handsaming av konsekvensutgreiing/prinsippdokument
09.05.17	03/17	Orientering – Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse Hordaland (KULA)
05.09.17	04/17	Grovsorterte innspel til kommuneplanen sin arealdel
05.10.17	05/17	Handsaming av innspel om bustadar og fritidsbustadar
13.10.18	01/18	Handsaming av innspel om næring og råstoffutvinning
05.02.19	01/19	Informasjon om planforum
12.03.19	02/19	Handsaming av innspel for (større) område
12.03.19	03/19	Handsaming av innspel i strandsona
12.12.19	04/19	Status og framdrift
20.04.21	01/21	Føresegner og retningslinjer
20.04.21	02/21	Omsynssoner og temakart
22.03.22	01/22	Status og nye innspel i strandsona/kystsona
14.06.22	02/22	Meir informasjon om nye innspel i strandsona/kystsona (inkl. saker frå 01/22)
14.06.22	03/22	Sak 02/19 – Endeleg framlegg og justering av kart (inkl. saker frå 02/19)
14.06.22	04/22	Sak 03/19 – Endeleg framlegg og justering av kart (inkl. saker frå 03/19)
23.08.22	05/22	Bustadtomt – Vurdering i LNFS
23.08.22	06/22	Handsaming av område med arealføremålet LNF – Spreidd bustad og hyttebygging
23.08.22	07/22	Handsaming av kommunale innspel med fleire
15.12.22	08/22	Handsaming av nye innspel
24.05.23	01/23	Handsaming av innspel i strandsona

4. Berekraftmåla til FN

FN sine berekraftmål skal liggje til grunn for all kommunal planlegging. Nedanfor følgjer ei oversikt over eit utval av berekraftmåla, som har vore relevante for dette planarbeidet og korleis me har inkludert måla i planarbeidet.



MÅL 3
God helse og
livskvalitet

Planen inkluderer fleire grep som fremjar folkehelse, mellom anna er det lagt vekt på å:

- opne opp for fortetting i sentrumsområda slik at fleire kan busetje seg i gå- og sykleavstand til sentrumsfunksjonar.
- verne om og unngå nedbygging av område som ålmenta nyttar til rekreasjon og fritid som til dømes badestrender.



MÅL 6
Reint vatn og
gode
sanitærforhold

- Plankartet har sikringssone som syner nedslagsfelt for drikkevatt. Tilhøyrande føresegn gjer greie for kva som er tillate innanfor sikringssona, jf. pkt. 8.1.1.
- føresegn som seier at det skal utarbeidast overordna plan for vatn og avlaup som del av reguleringsplan, jf. 2.3.2.
- føresegn som seier at overvatn skal nyttast som ein ressurs for rekreasjon og biologisk mangfald. Overvatn skal fortrinnsvis sikrast avrenning gjennom infiltrasjon i grunnen og opne vassvegar, jf. pkt. 2.3.3.
- føresegnene seier at eksisterande bekkar og elvar skal takast vare på og at kantsoner bør rustast opp. Bekkelukking er ikkje tillate, og eksisterande bekkar skal bevarast så nært opp til sin naturlege form som mogleg, jf. pkt. 2.3.4.



MÅL 7
Rein energi til
alle

Planen legg til rette for og fremjar rein energi gjennom:

- føresegn som seier at miljøvenlege energiløysingar og løysingar som fremjar lågt samla energibruk skal vurderast ved oppføring av nye tiltak og ved utarbeiding av ny reguleringsplan, jf. pkt. 2.10.2.
- På Leknestangen i Skånevik er det eit område der det vert opna for oppføring av solcellepanel i næringsssamanheng.



MÅL 9
Industri,
innovasjon og
infrastruktur

Planen fremjar berekraftig industri, innovasjon og infrastruktur gjennom å:

- setje av tilstrekkeleg areal i plankartet til føremåla.
- midtlinja til ny E134 er vist som juridisk linje i plankartet.
- føresegn som seier at nye verksemder ikkje skal plasserast slik at dei vil vere til vesentleg ulempe for kringliggjande busetnad eller offentlege føremål med omsyn til støy, forureining eller andre negative konsekvensar for miljøet, jf. 3.9.2.
- føresegn som seier at det i framtidige næringsområde skal leggjast til rette for mjuke trafikantar, jf. pkt. 3.9.3.



MÅL 10
Mindre ulikskap

Planen har fokus på å førebyggje ulikskap gjennom:

- føresegn som seier at det ved planlegging og gjennomføring av tiltak skal sikrast god tilgjenge for alle folkegrupper i samsvar med krava i vegnormalane og byggtknisk forskrift. Bygningar og uteområde skal utformast slik at dei kan brukast av alle menneske, i så stor utstrekning som mogleg, utan trong for tilpassing eller spesiell utforming. Om det ikkje går klart fram at universell utforming er lagt til grunn ved plan eller søknad for bygningar, tilkomst, fellesareal, leikeplassar, parkeringsareal og samferdsle, skal kommunen krevja slik dokumentasjon, jf. pkt. 2.6.



MÅL 11
Berekraftige
byar og
lokalsamfunn

Planen har fokus på å utvikle tettstadane Skånevik og Etne som berekraftige lokalsamfunn ved å:

- opne opp for fortetting i sentrumsområda, men då med krav om reguleringsplan, jf. plankartet og pkt. 3.4.5.
- føresegn som seier at det skal leggjast til rette for samanhengande fjordpromenade langs sjø i områda avsett til sentrumsføremål, jf. pkt. 3.4.3.
- føresegn som seier at det skal leggjast til rette for godt dimensjonerte gate- og uterom ved å vidareutvikle eksisterande sentrums kvalitetar, jf. pkt. 3.4.4.



MÅL 12
Ansvarleg
forbruk og
produksjon

Planen har fokus på berekraftig forvaltning og effektiv bruk av naturressursar, mellom anna gjennom å:

- i størst mogleg grad unngå nedbygging av dyrka mark, jf. plassering av utbyggingsområde i plankartet og føresegner.
- berre tillate oppføring av småbåthamn og akvakulturanlegg der det er avsett arealføremål til dette i planen.
- berre opne opp for oppføring av tiltak etter plan- og bygningslova der planen opnar for det enten gjennom bruk av funksjonell strandsone eller der spesifikke føresegner opnar for det.



MÅL 13
Stoppe
klimaendringane

Planen inkluderer fleire grep for å redusere klimagassutslepp og sikre klimatilpassing, mellom anna gjennom å:

- plassere nye bustadfelt i gå- og sykleavstand til tettstadane, Skånevik og Etne for å unngå bilbasert samfunn.
- plassere nye næringsområde langs E134 for å unngå unødvendig køyring med tungtransport inn på sideveggar.
- føresegn som omhandlar forventna havnivåstiging, klimapåslag og bølgepåverknad og krav til kotehøgde for innvendig golv ved oppføring av nye tiltak, jf. pkt. 8.3.4. Langs vassdrag avgjer flaumsonekartlegging minimum kotehøgde for innvendig golv.
- føresegn som omhandlar krav til innvendig golv ved oppføring av nye tiltak der det er markert flaumfare på kartet, jf. pkt. 8.3.5.

- føresegn som seier at klimatilpassing skal vere tema i alle planprosessar, jf. pkt. 2.10.2.1.
- føresegn som seier at ved utarbeiding av reguleringsplanar for nye byggeområde skal det visast korleis det er teke omsyn til klimatiske tilhøve som sol, vind, kaldras m.m og korleis utbygginga fremjar lågt samla energibruk. Resirkulering av avlaupsvatn og miljøvenlege energiløysingar skal også takast omsyn til, pkt. 2.10.2.3.
- føresegn som seier at det ikkje er tillate å byggje ned myr, jf. pkt. 2.11.5.
- Det er nyleg utarbeida ny energi- og klimaplan for Etne kommune som mellom anna skildrar korleis Etne kommune skal arbeide framover mot å nå det nasjonale målet om å redusere klimagassutsleppa med 55% innan 2030 og bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050.



MÅL 14 Livet i havet

Planen har fokus på å bevare og nytte havet og marine ressursar på ein måte som fremjar berekraftig utvikling gjennom å:

- føresegn som seier at oppføring av småbåthamn og akvakulturanlegg berre kan plasserast der det er avsett arealføremål til dette i planen, jf. pkt. 7.1.2.
- setje av areal til fiskeriinteresser: gyteområde for torsk, reketrålefelt og kaste- og låssetjingsplassar.
- berre opne opp for oppføring av tiltak etter plan- og bygningslova der planen opnar for det enten gjennom bruk av funksjonell strandsone eller der spesifikke føresegner opnar for det.



MÅL 15 Livet på land

Planen har fokus på å fremje berekraftig utvikling på land mellom anna ved bruk av:

- føresegner som omhandlar omsyn til natur og biologisk mangfald, m.a. raudlisteartar og svartelista artar, jf. pkt. 2.11.
- føresegn som seier at myr ikkje skal nyttast som utbyggingsføremål, jf. pkt. 2.11.5.
- føresegn som seier at grønstruktur og LNF-område som er verdifulle for til dømes biologisk mangfald ikkje skal nyttast til deponering av massar, jf. pkt. 2.13.3.
- omsynssone naturmiljø, H560 der det innanfor denne omsynssona bør leggjast særleg vekt på naturmiljø, jf. pkt. 8.4.1.
- omsynssone villreinområde, H560_1 der villreinen sine interesser skal prioriterast, jf. pkt. 8.4.2.
- byggegrenser mot vassdrag, m.a. lakseførande elver, jf. pkt. 2.5.5. Som skydd for Etnevassdraget som nasjonalt laksevassdrag er det lagt inn omsynssone på Etnefjorden som nasjonal laksefjord.

5. Planforslaget – Behov og framtidig arealbruk

Arealendringar i kommuneplanen skal vere formålstenleg for samfunnet i Etne kommune. Nytt planforslag skal gjenspeile behovet samfunnet har for å sikre ei berekraftig utvikling for framtida. Samstundes skal forventningar og retningslinjer frå overordna mynde følgjast opp og vere del av planforslaget. Under følgjer ei oversikt over dagens arealsituasjon og behov for nye utbyggingsområde.

5.1 Område for bygg og anlegg

5.1.1 Bustad (I I I 0)

Behovet for nye bustadområde byggjer på framtidig folketalsframskriving, utviklinga i dei ulike grendene dei siste 20 åra og nasjonale, regionale og kommunale føringar for bustadutvikling.

Dei siste ti åra har folketallet i Etne kommune variert frå 4040 innbyggjarar i 2013 til 4073 innbyggjarar i 2023. I toppåret 2017 var det registrert 4135 innbyggjarar i kommunen, men dette er det høgste innbyggjartalet som har vore registrert tilbake til midten av 80-talet. Samanliknar me folketala i tiårsperioden 2014-2023 med folketala i tiårsperioden 2004-2013, ser me at folketallet i snitt har gått opp med 174 personar. Den siste femårsperioden har likevel folketilveksten i kommunen vore negativ, men då forutan om toppåret 2022 som skil seg ut med eit fødselsoverskot på 17 personar og netto innflytting på 12 personar.

Trenden frå 2022 ser likevel ut til å vere kortvarig, og forventa utvikling i folketallet seier at kommunen vil ha 3945 innbyggjarar i 2030 og 3793 innbyggjarar i 2050 (SSB). Den negative folketalsutviklinga heng mellom anna saman med at kommunen har ei aldrande befolkning og at ein på nasjonalt nivå ser ein trend der unge flyttar mot meir sentrale strøk. Trenden med at fleire flyttar mot sentrale strøk ser me også internt i kommunen når me samanliknar folketala i dei ulike grunnkretsane. Generelt klarar grunnkretsane som ligg nærast sentrumsområdet Etne seg best i høve til folketalsutvikling.

Av samfunnsdelen til kommuneplanen pkt. 5.1. går det fram at det er eit viktig mål for Etne kommune at folketallet skal vere over 4200. For at Etne kommune skal vere ein attraktiv stad å bu, er det viktig at me i ny arealdel til kommuneplan legg til rette for tilstrekkeleg mange, varierte og attraktive tomter. Av erfaring veit me at innbyggjarane har ulike ønskjer og behov i høve til kvar i kommunen ein vil busetje seg og kva funksjonar ein ønskjer å ha i nærleiken. Medan nokre ønskjer å bu sentrumsnært og i gå- og sykleavstand til sentrumsfunksjonar, er det andre som ønskjer å bu utanfor sentrumsområda med tilgang på båtplass, naust eller liknande. I ny arealdel må me difor sikre ulike typar tilbod.

Dei siste 20 åra er det bygd om lag 10-15 bustadar i kommunen årleg. Dersom ein legg dette snittet til grunn at ny arealdel skal vere gjeldande i ein tiårsperiode, vil det såleis vere behov for om lag 100 – 150 tilgjengelege tomter i planperioden. Nokre vil kanskje påpeike at folketalsframskrivinga til SSB spår ei negativ utvikling i folketallet, og at kommunen difor i teorien skulle klare seg med langt færre tomtereservar. Me i administrasjonen meiner derimot at det er gode grunnar til å tru at det årlege talet på nye bustadhus vil halde seg i åra som kjem, mellom anna grunna:

- Mange hus som vert fråflytta vert aldri lagt ut for sal, men fungerer som fritidsbustad for etterkommarane. Dette er ei viktig gruppe for kommunen som mellom anna fører til auka handel og anna aktivitet i kommunen.
- Ein del eldre hus som vert fråflytta er ikkje i ein slik stand at dei kan fungere som bustad etter dagens standard.
- Ein ser eit mønster der fleire vel å flytte frå utkanten av kommunen og inn mot sentrumsområda og områda rundt sentrum. Ein del av husa som vert fråflytta har såleis «feil» plassering i høve til kor fleirtallet ønskjer å busetje seg.
- Einebustadar har lenge vore dominerande, men nå ser ein ei utvikling med fleire eldre og fleire unge som bur åleine. Såleis vil det i framtida bli behov for fleire mindre bueiningar i sentrumsområda.

Det er også grunn til å tru at folketalsutviklinga i kommunen kanskje ikkje vert så negativ som spådommane til SSB seier. Det er stadig utvikling i kommunen med mellom anna oppføring av nytt svømmebasseng i Skånevik, eit rikt kulturtilbod med Skakkehallen og kino og mange godt etablerte og stabile arbeidsplassar. Kommunen er også rik på fine natur- og fjellområde der ein kan praktisere friluftslivet.

På neste side følgjer ei oversikt over ledige bustadtomter i eksisterande reguleringsplanar. Deretter følgjer ei oversikt over folketalsutviklinga som har vore i dei ulike krinsane i kommunen i perioden 2001-2019.



Over: Bilete tatt frå Fitjafeltet som syner utsikta over Etne sentrum og Etnefjorden. Foto: Tomteselskapet.




Over: Bilete tatt frå Prestaliofeltet som syner utsikt over Skånevik sentrum og Skåno. Foto: Tomteselskapet

Krins:	Ledige bustadtomter i reguleringsplanar og ledige bustadtomter i KPA som vert vidareført frå førre plan	Kommentar
Sørstranda og Osvåg	<p>Sørstranda</p> <ul style="list-style-type: none"> • Frydenlund (6) • Ve, B01 (3) • Ve, B02 (0) • Nyheim (4) • Eikanes (0) <p>Osvåg</p> <ul style="list-style-type: none"> • Osnes 1 (0) • Osnes 2 (0) • Eiriksvik (0) 	<ul style="list-style-type: none"> • Nokre ledige bustadtomter i to av reguleringsplanane, men desse er ikkje annonsert for sal. • Tilstrekkeleg areal til om lag 3 bustadtomter i område for • Ikkje opparbeida gang- og sykkelveg. • Vert vurdert til å vere tilstrekkeleg kapasitet i kombinasjon med nokre tomter med LNF-spreidd bustad. • Sentrumsnære og attraktive bustadområde for dei som ønskjer å bu tett på sentrum utan å bu i sjølve sentrumskjerna. • Allereie opparbeida gang- og sykkelveg. • Behov for fleire tomter i dette området.
Etne sentrum Etnesjøen, Gjerde og Silla	<ul style="list-style-type: none"> • Fitjafeltet (ca 45) • Kambe (ca 8) • Sæbøvika Vest (18 einingar) • Planteskulen (2) • R-43 /Osnesvegen (1) 	<ul style="list-style-type: none"> • Gode reservar på bustadtomter i dette området, hovudsakleg einbustadar, men og nokre fleirmannsbustadar. • Behov for fleire bueiningar i sentrumsområda og i nærleik til helsetenester. Dette vert løyst med å opne for fortetting i sentrumsområda.
Midtbygda- og Sørbygda Fossa, Rygg, Grindheim, Stødle og Gundegjerde	<ul style="list-style-type: none"> • Rygg (4) 	<ul style="list-style-type: none"> • Tilstrekkeleg i kombinasjon med nokre tomter for LNF-spreidd bustad.
Stordalen Grønstad, Nernes og Frette		<ul style="list-style-type: none"> • Ikkje reguleringsplanar i dette området. • Tilstrekkeleg med nokre tomter for LNF-spreidd bustad.
Nordstranda og Skånevikstranda Fjøsna, Nordstranda og Molnes	<ul style="list-style-type: none"> • Løvvik Vest (9) 	<ul style="list-style-type: none"> • Tilstrekkeleg i kombinasjon med nokre tomter for LNF-spreidd bustad.
Skånevik Skålnes og Berge	<ul style="list-style-type: none"> • Prestalia (15) • Ligrend (13) • Lundmark (4) 	<ul style="list-style-type: none"> • Gode tomtereservar for bustadar i Skånevik. • Eksisterande bustadområde som ligg på dyrka mark eller som av andre grunnar ikkje vert rekna som eigna, vert omgjort til LNF.
Åkrafjorden Tungesvik, Kyrping, Markhus, Eintveit og Fjæra	<ul style="list-style-type: none"> • Teigland (3) 	<ul style="list-style-type: none"> • Ikkje reguleringsplanar i dette området. • Det vert vidareført 3 bustadtomter på Teigland. • Tilstrekkeleg med nokre tomter for LNF-spreidd bustad.
<p>Konklusjon: 116 regulerte bustadtomter (73 stk. i krinsen Etne sentrum, 32 stk. i krinsen Skånevik sentrum.). 22 bustadtomter som vert vidareført gjennom KPA . Oversikta syner at det er gode tomtereservar for bustadtomter i kommunen, men at det er behov for fleire tomter i krinsen Osvåg. Dette er eit attraktivt bustadområde som er bygd ut med veg, gang- og sykkelveg.</p> <p>Grunna utvikling i befolkninga med fleire eldre og fleire unge som vel å bu aleine, vil det også vere behov for fleire mindre bueiningar i sentrumsområda anten i form av leilegheiter eller fleirmannsbustadar. Her vert det lagt opp til fortetting gjennom føresegnene.</p>		

Område 1 - Sørstranda og Osvåg


Område 1 består av grunnkrinsane Sørstranda og Osvåg som samla sett har hatt ei positiv folketalsutvikling på 19% i perioden 2001-2019. Kvar for seg har Sørstranda hatt ei positiv utvikling på 10% og Osvåg hatt ei positiv utvikling på 26%. Dette heng naturleg vis saman med utbygging av fleire attraktive bustadområde innanfor krinsane. I neste planperiode vert det opna for noko utviding av bustadområdet på Osnes (B07 og B04). Denne plasseringa vert rekna som gunstig då det allereie er bygd ut gang- og sykkelveg i området. Plasseringa ligg også i gå- og sykleavstand til sentrum, og ei utviding her er såleis i samsvar med både folkehelseprinsippet og FN sitt berekraftsmål nr. 11 om å utvikle berekraftige lokalsamfunn. Dette området ligg i gjeldande arealdel inne som LNF-Spreidd utbygging med kvote 15 bustadar som ikkje er bygd ut. Delar av området på Osnes kan såleis vurderast som ei vidareføring frå førre planperiode. Planen opnar også for eit større bustadområde på Røynesnes (B09) i same krins. Dette området vert truleg ikkje realisert i denne planperioden, men det er viktig for kommunen å sikre eit sentrumsnært bustadområde for framtida som ikkje legg beslag på dyrka mark. Ved realisering av dette bustadområdet må det setjast rekkjefølgjekrav om utbetring av Sørstrandsvegen og opparbeiding av gangfelt.



Planen opnar ikkje for utvikling av nye bustadområde på Sørstranda, men det vert opna for noko spreidd utbygging av bustadar og fritidsbustadar. Det er ikkje kome innspel frå grunneigarar om nye bustadområde i denne krinsen, og Sørstrandsvegen bør heller ikkje belastast med ei fleire større utbyggingar. Noko spreidd utbygging bør likevel kunne tillatast då plasseringa er gunstig for innbyggjarar som pendlar til arbeidsstadar på Haugalandet.

Område 2 - Etne sentrumsområde (Etnesjøen, Gjerde og Silde)

Område 2 består av grunnkrinsane Etnesjøen, Gjerde og Silde som samla sett har hatt den største folketalsutviklinga på 31% i perioden 2001-2019. Kvar for seg har Etnesjøen hatt den klart største folketalsutviklinga på 64%. Samstundes har auken innanfor krinsen Gjerde vore på 50%, medan krinsen Silde har hatt ei utvikling på 6%. Utviklinga med positiv folketalsutvikling i sentrumsområda er i samsvar med overordna nasjonale og regionale føringar, og legg mellom anna til rette for at fleire kan nå sentrumsfunksjonar som skule, barnehage, butikkar og offentlege institusjonar utan å vere avhengig av bil eller anna motorisert køyretøy. Noko av folketalsutviklinga i Etnesjøen skuldast truleg at det er blitt vanlegare å byggje med høg grad av utnytting, og i tidsperioden er det kome fleire leilegheitsbygg og fleirmannsbustadar i sentrumsområda. For å leggje til rette for vidare fortetting i sentrumsområda, vert det i ny arealdel til kommuneplan lagt arealføremålet *Sentrumsføremål*, og innanfor dette arealføremålet vert det opna for fortetting med inntil 5 etasjar. Som vilkår for fortetting følgjer krav om reguleringsplan.



Tomtereservane i dette området er framleis gode. Til dømes er det framleis mange ledige tomter i dei regulerte bustadområda, Fitjafeltet og Sæbøvika. Det er også nokre ledige tomter på Kambe.

I følgje folkehelseoversikta til Etne kommune eig mange eldre sin eigen bustad og klarar seg godt, medan nokre har behov for praktisk bistand i heimen. Tilbod om mellom anna velferdsteknologi, matombering og heimehjelp bidreg til at mange kan bu i eigen heim lengre. I møte med eldrebølgja er det viktig at kommunen har tilgjengeleg tomteareal i sentrumsområda som er eigna for eldebustadar. I plansamanheng løyser me dette med å leggje opp til ei høg grad av utnytting i sentrumsområda. I tillegg til økt etasjehøgde, inkluderer planen også tilrådd norm for tettleik for bustadar i sentrumsområda. Denne seier at det i området Etnesjøen bør vere minimum tre bueiningar per dekar innanfor ein avstand på om lag 500 meter frå sentrum (Etne tinghus). Tilsvarande bør det i Skånevik vere minimum to bueiningar per dekar innan ein avstand på 500 m frå sentrum (ferjeleiet).

Område 3 - Midtbygda og Sørbygda (Fossa, Rygg, Grindheim, Stødle og Gundegjerde)

Område 3 vert kalla Midtbygda og Sørbygda og består av krinsane Fossa, Rygg, Grindheim, Stødle og Gundegjerde. Innanfor denne krinsen har det samla folketalet gått ned med om lag 3%. Ser ein krinsane kvar for seg, ser ein Stødle har hatt ei positiv utvikling med 13% og at Grindheim har hatt ei positiv utvikling med 3%. For dei andre krinsane har derimot utviklinga vore negativ Fossa (-6 %), Rygg (-15 %), Gundegjerde (-56 %). Det vert ikkje lagt opp til nye bustadområde innanfor dette området, men det vert lagt opp til noko spreidd utbygging innanfor område avsett til LNF-spreidd utbygging.

Område 4 - Stordalen (Grønstad, Nernes og Frette)

Område 4 vert kalla Stordalen og består av grunnkrinsane Grønstad, Nernes og Frette. Samla sett har området i perioden 2001 -2019 hatt ei nokså stabil folketalsutvikling på 2%. Ser ein krinsane kvar for seg, ser ein likevel at Frette har hatt den største folketalsutviklinga med 17% auke, medan både Grønstad og Nernes har hatt ei negativ utvikling. Det vert ikkje lagt opp til nye bustadområde innanfor dette området, men det vert lagt opp til noko spreidd utbygging innanfor område avsett til LNF-spreidd utbygging.


Område 5 - Nordstranda og Skånevikstranda (Fjøsna, Nordstranda og Molnes)

Område 5 består av grunnkrinsane Fjøsna, Nordstranda og Molnes som samla sett har hatt ei negativ folketalsutvikling på -1% i perioden 2001-2019. Kvar for seg ser ein at Fjøsna har hatt ein reduksjon i folketalet på -15%, og at Nordstranda har hatt ein reduksjon i folketalet på -10%. På den andre sida har grunnkrinsen Molnes hatt ei positiv folketalsutvikling på 8% i same periode. Fjøsna og Nordstranda sektar som kjend til Etne, medan Molnes sektar til Skånevik. Såleis kan det også vurderast om det er korrekt å omtale desse tre grunnkrinsane som eit område, eller om Molnes burde vore eit område for seg sjølv. Uansett kan det verke som at grunnkrinsen Molnes (Skånevikstranda) er eit viktig område for Skåneviksbuen som ønskjer å bu utanfor Skånevik sentrum.

I tråd med overordna føringar vert det ikkje lagt opp til nye bustadfelt innanfor desse grunnkrinsane, men det vert opna for noko spreidd utbygging i område for LNFS.

Område 6 - Skånevik (Skålnes og Berge)

Område 6 består av grunnkrinsane Skålnes og Berge som saman utgjer Skånevik sentrum og områda rundt Skånevik sentrum. Samla sett har området hatt ei negativ folketalsutvikling på -18% i perioden 2001-2019. Det er framleis gode tomtreservar i området mellom anna i det regulerede bustadfeltet Prestalio, og det vert difor ikkje lagt ut nye bustadfelt i dette området. Innanfor dette området er det også gjort eit arbeid med å tilbakeføre areal som er sett av til bustadføre mål i eldre planar, men som etter dagens krav vert vurdert som ueigna.



Område 7 - Åkrafjorden (Tungesvik, Kyrping, Markhus, Eintveit og Fjæra)

Område 7 består av grunnkrinsane Tungesvik, Kyrping, Markhus, Eintveit og Fjæra som saman utgjer Åkrafjorden. Samla sett har området hatt ei negativ folketalsutvikling på -20% i perioden 2001-2019. Ser ein på grunnkrinsane kvar for seg, kan ein likevel sjå at folketala har vore stabile for grunnkrinsane Tungesvik og Kyrping. Det vert ikkje lagt ut nye bustadområde innanfor dette området, men det vert opna for noko spreidd utbygging i område avsett til LNF-Spreidd utbygging. Området er sterkt prega av aktsemdområde for naturfare, og moglegheita til å leggje LNF-spreidd utbygging er såleis noko redusert.

UNDER: Tabellen syner fullstendig oversikt over ledige bustadtomter i dei ulike områda og totalt i kommunen. Bustadtomter i område avsett til LNF-spreidd er meint som eit plangrep for å halde liv i dei ulike bygdene i kommunen.

Område	Regulerte bustadtomter	Bustadføremål KPA	Kvoter LNF-spreidd bustad	Sum
1. Sørstranda og Osvåg	10	3	15	28
2. Etnesjøen	65	9	1	75
3. Midtbygda og Sørbygda	0	4	5	9
4. Stordalen	0	0	6	6
5. Nordstranda og Skånevikstranda	9	3	29	41
6. Skånevik	32	0	6	38
7. Åkrafjorden	0	3	14	17
SUM	116	22	76	210

Bustadføremål i ny arealdel til kommuneplan

Områda som er gjeve arealføremålet *Bustad* i plankartet består av eldre, regulerte bustadområde som har fått sin reguleringsplan generalisert eller ubygde område som vert vurdert til å vere eigna som bustadområde. Ved utbygging av nye bustadområde vil det bli sett krav om reguleringsplan dersom det er tale om fleire enn tre einingar.

- Eksisterande bustadområde som vert vidareført: Ve (3), Osnes, Matskår, Røynesnes, Sæbø, Gjerde, Enge, Silla, Kambe, Fitje, Rygg, Grindheim, Skånevik, Kyrping, Teigland, Markhus, Fjæra.
- Nye bustadområde: Osnes, Fjøsna.

Plangrep:

- Ved å plassere nye bustadområde i gå- og sykleavstand til sentrumsområda legg ein til rette for at fleire kan nå sentrumsfunksjonar utan å vere avhengig av bil.
- Ubygde område som er avsett til bustadføremål i gjeldande arealplanar, men som ikkje lenger vert rekna som eigna for føremålet, vert tilbakeført til LNF-område.

5.1.2 Fritidsbusetnad (I I 20)

Behovet for nye område for fritidsbustadar byggjer på ei gjennomgang av eksisterande reguleringsplanar og område avsett til fritidsbustadar i eksisterande kommuneplan. Kommunen har i dag om lag 900 fritidsbustadar, og det er vidare eit ønskje for kommunen å vere ein viktig reiselivskommune i regionen. Etne kommune ligg i sone 3 i Statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona, og dette opnar opp for at kommunen kan vurdere å tillate noko meir utbygging i strandsona samanlikna med kommunar som ligg i sone 1 og sone 2. Plasseringa av områda for nye fritidsbustadar byggjer på kommuneplaninnspel frå grunneigarar og private utbyggjarar. Det vert ikkje opna for utbygging av nye område for fritidsbustadar i denne planperiodar, men utviding og fortetting i eksisterande område er prioritert. Under følgjer ein tabell som syner gjeldande reguleringsplanar for område med fritidsbustadar og ledige tomter i eksisterande kommuneplan.

Krins:	Ledige tomter for fritidsbusetnad i reguleringsplan og talet på ledige tomter for fritidsbusetnad i KPA	Kommentar
Sørstranda og Osvåg	Sørstranda <ul style="list-style-type: none"> • Ve (1?) • Nyheim (2) Osvåg <ul style="list-style-type: none"> • Eiriksvik (0) • Osnes 2 (0) 	<ul style="list-style-type: none"> • Noko ledig areal som er regulert til fritidsbustad i reguleringsplanen for Nyheim. Eldre reguleringsplan og tomtene er ikkje annonsert. • Behovet for nye tomter vert dekkja av nokre kvoter innanfor LNF-spreidd fritidsbustad.
Etne sentrum Etnesjøen, Gjerde og Silla		<ul style="list-style-type: none"> • Er ikkje lagt til rette for fritidsbustadar i dette området. Her har bustadar prioritet.
Midtbygda- og Sørbygda Fossa, Rygg, Grindheim, Stødle og Gundegjerde	<ul style="list-style-type: none"> • Krokavatnet (75 inkl. reguleringsplan) 	<ul style="list-style-type: none"> • Etter innspel frå grunneigarane er det totale tomtearealet i dette området redusert frå 100 til 75 tomter.
Stordalen Grønstad, Nernes og Frette		<ul style="list-style-type: none"> • Ikkje reguleringsplan for fritidsbustad i dette området.
Nordstranda og Skånevikstranda Fjøsna, Nordstranda og Molnes	<ul style="list-style-type: none"> • Børkjenes (0) • Nermark (0) • Sandvik (0) • Molnes (7) • Mortveit (0) • Veavik (10) 	<ul style="list-style-type: none"> • For hyttefeltet på Nermark er det sett krav om ny kommuneplan og reguleringsplan før området kan utviklast vidare. • Behov for fortetting/utviding på Nermark, Børkjenes og Veavik.
Skånevik Skålnes og Berge	<ul style="list-style-type: none"> • Skålnes/Hagavik (6) • Ytre Nes (10) • Trønskenes (27) • Ytre Nes 2 (6) 	<ul style="list-style-type: none"> • Tilstrekkeleg med tomter for fritidsbustadar i dette området.
Åkrafjorden Tungesvik, Kyrping, Markhus, Eintveit og Fjæra		<ul style="list-style-type: none"> • Ikkje reguleringsplan for fritidsbustad i dette området.
Konklusjon: Totalt 88 ledige regulerte tomter for fritidsbustadar, og 127 tomter for fritidsbustad i KPA. 75 av tomtene er plassert i Midtre Etnefjella og Sørfjellet. God kapasitet på tomter for fritidsbustadar i Sunnhordlandsperla, Skånevik. Elles noko reservar på Nordstranda og Skånevikstranda, men det vert lagt opp til fortetting og noko utviding på Børkjenes, Nermark, Sandvik og Veavik.		

Under: Tabellen syner fullstendig oversikt over ledige tomter for fritidsbustadar i dei ulike områda og totalt i kommunen. Tomter for fritidsbustadar i område avsett til LNF-spreidd er meint som eit plangrep for å halde liv i dei mange bygdene i kommunen.

Krins	Regulerte tomter for fritidsbustadar	Fritidsføremål KPA	Kvoter LNF-spreidd fritid	Sum
1. Sørstranda og Osvåg	3	0	8	11
2. Etnesjøen	0	0	0	0
3. Midtbygda og Sørbygda	25	50	0	75
4. Stordalen	0	0	5	5
5. Nordstranda og Skånevikstranda	17	68	6	91
6. Skånevik	43	0	15	58
7. Åkrafjorden	0	9	10	19
SUM	88	127	44	259

Status for område avsett til fritidsbusetnad i dei ulike krinsane


Områda som er gjeve arealføremålet *Fritidsbusetnad* i plankartet bKvestår av eldre, regulerte område for fritidsbusetnadar som har fått sin reguleringsplan generalisert eller utbygde område som vert vurdert til å vere eigna for framtidig utbygging av fritidsbustadar. Det vert ikkje opna for nye områder i denne planperioden, men det vert opna for fortetting eller utviding av fleire eksisterande område. Ved utviding eller fortetting av eksisterande område vil det bli sett krav om reguleringsplan dersom talet på tomter vert auka med meir enn tre einingar.

- Vidareført uendra (totalt 50 tomter): Molnes (7), Mortveit (0), Veavik (10), Ytre Nes (10), Trønskenes (27), Skålnes-Hagavik (6).
- Utvida eller justert (totalt 138 -148 tomter): Børkjenes (18), Nermark (25-30), Sandvik (10-15), Veavik (10), Midtre Etnefjella og Sørfjellet (reduksjon i talet, totalt 75 inkl. reguleringsplan)


Plangrep:

- Ved å fortrinnsvis leggje opp til utviding og fortetting i allereie utbygde område framfor etablering av nye, legg me til rette for at fleire kan dra nytte av fellesløyningar og etablert infrastruktur.
- Funksjonell strandsone erstattar det generelle bygge- og deleforbodet i 100-metersbeltet og opnar opp for at ein kan byggje sidevegs og bakover.


Under: Eksisterande område for fritidsbustadar på Børkjenes vert utvida med om lag 18,6 da (om lag 18 tomter)



Under: Eksisterande område for fritidsbustadar på Skoga vert utvida med om lag 11 da (om lag 10 fritidsbustadar).



Under: Nermark (sør i kartet) og Sandvik (nord i kartet) er ein av områda der det vert opna for utviding og fortetting. Begge områda var sett av til LNF-Spreidd utbygging av fritidsbustadar i eksisterande arealdel. Totalt om lag 35 -45 nye tomter.



5.1.3 Sentrumsføremål (I 130)

Tettstadane Skånevik og Etne er gjeve arealføremålet *Sentrumsføremål*. Innunder arealføremålet inngår sentrumsfunksjonar som bustad, forretning og kontor, kjøpesenter, offentleg og privat tenesteyting, samferdsleanlegg, teknisk infrastruktur, gravlund, mfl.

Plangrep: Mykje er basert på føringar frå Regional plan for areal og transport på Haugalandet vedteke i 2017.

- Ved å samle reguleringsplanane i sentrumsområda under eit samla arealføremål legg ein til rette for ei vidareutvikling av sentrumsområda med felles føresegner.
- Innanfor arealføremålet vert det opna opp for at det kan fortettast med inntil 5 etasjar. Fortettinga krev reguleringsplan. Tiltak for å stimulere til oppføring av fleire bueiningar, som til dømes leilegheiter eller fleirmannsbustadar, i sentrumsområda.
- Det er lagt inn ei føresegn som seier at det skal leggjast til rette for etablering av samanhengande fjordpromenade langs sjø.
- Det er lagt inn ei føresegn som seier at nye tiltak skal leggje til rette for godt dimensjonerte gate- og uterom, samt ta vare på eksisterande sentrumskvalitetar.

5.1.4 Forretning (I 150)

Arealføremålet *Forretning* er nytta i to tilfelle. Begge tilfella er vidareført frå eksisterande kommuneplan. Dette gjeld:

- Langfoss servicesenter, Trafo for BKK på Kambe.

5.1.5 Offentleg eller privat tenesteyting (I 160)

Grendestover, bedehus og liknande bygg er gjeve arealføremålet *Offentleg og privat tenesteyting*. Dette gjeld:

Vidareført uendra:

- Bedehus: Frette og Rygg.
- Grendehus: Stordalen og Sævareid, Grønstad.
- Forsamlingshus: Sørstranda skule, Grohallen på Markhus, Gamleskulen på Ebna.
- Andre: Brannstasjonen i Skånevik, Ballbingen på Rygg.

Nye område:

- Andre: Småfolk barnehage, Røde Kors hytta på Hjørnås.

5.1.6 Fritids- og turistføremål (I 170)

Nye område for *Fritids- og turistføremål* er basert på innspel frå private som driv innan næringa. Jf. pkt. 5.5 i samfunnsdelen til kommuneplanen skal det takast særleg omsyn til reiselivsnæringa i Åkrafjorden. Rorbu, hytter, campingplassar og andre tiltak der føremålet er utleige til turismenæringa er gjeve arealføremålet *Fritids- og turistføremål*. Dette gjeld:

Campingplassar:

- Vidareført uendra: Kyrping camping, Etne camping.
- Utvida: Leknes camping,

Utleige:

- Vidareført uendra: Plomapalvika på Osnes, **Åkrafjorden Natur**.
- Nye område: Rorbu på Skjersvik/Børkjenes, Domar på Fjæra, Eljarvik gardsturisme, utleigehytter på Teigland, utleigehytter på Rafdal, utleigehytter i Plomapalvika på Osnes.

Mange av innspel er vidareutvikling av reiselivstilboda i Åkrafjorden, der det meste ligg under felles paraply gjennom Åkrafjorden Oppleving AS (jf. alle tilboda på nettsida deira) og Åkrafjorden Landskapsark. Åkrafjorden er blant dei viktigaste reiselivstilboda i fylket, med Langfoss som ein hovudattraksjon, pluss fjorden med båtcruise og mange andre aktivitetstilbod, pluss overnatting, servering (inkl. lokal mat), Åkrafjordtunet mm. Åkrafjorden ligg til E 134, har stort potensiale og aukande tal besøkande, m.a. frå cruisebåttrafikk med busstransport inn til Haugesund.



Over: Eljervik Gard er eit av områda som vert gjeve arealføremålet *Fritids- og turistføremål* i nytt planforslag. Tilbodet rettar seg mellom anna mot cruisebåt-turistar som kjem med buss frå Haugesund.

5.1.7 Råstoffutvinning (1200)

Nye område for masseuttak er basert på innspel frå private grunneigarar og sandfirma om kvar det er behov for uttak. Område der det vert opna opp for uttak av stein og sand vert gjeve arealføremålet *Råstoffutvinning*. Dette gjeld:

Massetak sand/grus:

- Vidareført uendra: Rygg, Høyland, Aksland
- Utvida: Sørheim, Aksland

Steinbrot

- Vidareført uendra: Lauareid, Øvernes.
- Utvida: Øvernes
- Nye område: Fikse, Utstuno

Det er kring 60 års tradisjon for uttak av massar i Etnebygda, sidan 70-talet har verksemdene hatt produksjonsareal på Tongane industriområde, inkl. utskiping. Der er mange verksemdar og arbeidsplassar knytt til desse naturressursane: inkl. produksjon av massar, entreprenørdrift, transport, bygg- og anlegg, sekundærproduksjon, betong/flytebrygger mm. Etne Sand & Pukk har nokre års uttak igjen i regulert areal på Austrheim, deretter er der lite aktuelle ressursar igjen på den sida av bygda, m.a. grunna kulturminne og nedbygde areal. Rygg har vore peika ut som eit framtidig område. Åsbø Sanddrift står bak innspellet til KPA på Sørheim. Verksemda har i seinare tid lege ute for sal. Ressursen på Høyland er eit større areal, men avsettinga har låg høgde. Og vil gi dyrare transport (grunna større avstand til sentrum, på dårleg fylkesveg).


Fikse (nytt, stort areal – her er Brdr. Flatebø og Fikse Stein/Etne Sand & Pukk aktørar med steinbrot rett på andre sida av fylkesgrensa). Uttaka på Fikse er ikkje så mange år gamle, frå kring 2015, dette starta m.a. opp som supplement til uttaka i Etnebygda, sidan det ser ut å vere avgrensa med ressursar igjen her.

Grunneigar har spelt inn ønskje om utviding av regulert område på Øvernes, i området har der vore uttak i over 100 år. Regulert område på Lauareid vidareførast uendra.

Plangrep:

- Vidareføre områda på Rygg og Høyland, sidan det er avgrensa med ressursar igjen på Sørheim/Austrheim.
- Innspel frå Åsbø Sanddrift om svære areal med uttak på Sørheim, men det er berre lagt inn eit mindre utvidingsareal, som ligg utanfor foreslått grense i fredingssaka på Stødle-/Sørheimsterrassen, som no ligg til slutthandsaming hos Riksantikvaren. Etne kommune har ikkje støtta framlegg til områdefreding etter kulturminnelova, men har lagt inn eit framlegg om sikring etter PBL som omsynssone, jf. punkt. 8.5.

Høgre: Sørheim (nord i kartet) er eit av områda der det vert opna for utviding i dette planforslaget. Me ser også områda på Rygg og Høyland, som blir vidareført.



5.1.8 Næringsområde (1300)


Nye næringsområde og utviding av eksisterende område er basert på innspel frå det private næringslivet og innbyggjarar i kommunen. Nytt næringsområde på Fikse Vest (NÆ01) er målt i areal det største innspelet i dette planforslaget. Området må sjåast i samanheng med næringsarealet på austsida av E134, samt næringsarealet som ligg på andre sida av kommunegrensa hos Vindafjord kommune. I starten vil området fungere som eit masseuttak før området kan opparbeidast og nyttast som næringsareal. Jf. *Regional plan for areal og transport på Haugalandet* skal nye næringsområde plasserast langs E134.

I samband med innspelsrunden kom det inn om lag ti innspel som omhandla småbåthamna og friområdet i hamn. I nytt planforslag er dette arealet omgjort frå arealføremålet *Næring* til arealføremåla *Småbåthamn* og *Friområde*. Justeringa av arealføremålet på Leknestangen inkluderer også utviding av næringsarealet mot vest.


Aust på Leknestangen er det også lagt inn eit område for oppføring av solcellepanel. Området er gjeve arealføremålet 1500 – *Andre typar bygg og anlegg* for å skilje arealet frå resten av næringsarealet.

- Vidareført uendra: Tongane.
- Utvida eller justert: Leknestangen, Gjerdslia, Dørfabrikken i Skånevik, Teigland.
- Nye område: Fikse Vest, Lauareid.

UNDER: Nytt næringsområde på Fikse Vest (138,4 da) er det største innspelet i dette planforslaget.



UNDER: Justeringar på næringsområde på Leknestangen i høve til eksisterande arealdel.



5.1.9 Idrettsanlegg (1400)

Idrettsanlegg som ikkje ligg i sentrumsområda og kjem inn under arealføremålet *Sentrumsføremål* er gjeve arealføremålet Idrettsanlegg. Dette gjeld:

- Vidareført uendra: Skånevik idrettsplass, Skånevik skytebane, Steinshagen fotballbane.
- Utvida: Fikse skytebane

Plangrep:

- Det er lagt inn ei føresegn om at idrettsanlegg skal nyttast til primærføremålet og ikkje til kombinert føremål etc., som moglegvis kan skape konflikt med idrettsføremålet.

5.1.10 Naust (Andre typar nærare angitt bygg og anlegg (1500)

Naust er gjeve arealføremålet *Andre typar nærare angitt bygg og anlegg*. Arealføremålet er anten vidareført frå eksisterande planar eller gjeve der kommunen har mottatt innspel om å føre opp to eller fleire naust. Arealføremålet er nytta i desse områda:

- Eksisterande naustområde som vert vidareført uendra: Vågen, Eiriksvik, Osnes, Molnes, Leknes, Skålnes ytre, Sævereid nedre, Hetleflåt/Markhus, Fjæra.
- Allereie utbygde område som får arealstatus *Naust* og der det vert opna for fortetting: Utstuno, Ve, Nermark (12 stk.), Sandvik øvre (3 stk.), Sandvik nedre (2 stk.), Ebne søre, Lauvvik, Skoga, Tjeldflåt, Bakka.
- Nye område: Helleland.

Plangrep:

- Fortetting av eksisterande naustområde med inntil 5 nye einingar kan gjennomførast utan krav om reguleringsplan dersom tiltaket tilfredsstillir vilkår for fritak lista opp i føresegnene kap. 2.1.1.

5.1.11 Grav- og urnelund (1700)

Gjerde kyrkje og Skånevik kyrkje ligg innanfor arealføremålet *Sentrumsføremål*. Dei andre kyrkjene og grav- og urnelundane er gjeve arealføremålet *Grav- og urnelund*. Dette gjeld:

- Stødle kyrkje, Fjæra kapell, Grindheim kyrkje.

Det vert lagt opp til utviding av gravplassane ved Gjerde kyrkje, Stødle kyrkje, Grindheim kyrkje og Frette kapell. Sett vekk frå utvidinga ved Fjæra kapell, legg dei tre andre utvidingane beslag på fulldyrka jord. Behovet for å utvide grav- og urnelundane byggjer på ei behovsanalyse utarbeida av kyrkjekontoret. I tillegg til denne behovsanalyse er det avsett midlar til å gjennomføre eit prosjekt der ein ser på meir arealeffektive løysingar, inkludert bruk av urnelundar. Ny sentral gravplass er vurdert, men denne ville også ha lagt beslag på dyrka jord. Det er vedtatt å halde fram med desentralisert struktur.

Plangrep:

- Me har lagt inn areala som kom ut av kyrkjekontoret sine analysar, men me håpar at det pågåande prosjektet om å sjå etter meir arealeffektive løysingar tyder at areala kan reduserast relativt mykje.
- Fritak for plankrav. Utvidingsareala ligg på dyrka mark, men utgjer mindre areal. Vilkår om sjekk av kulturminne. Alternativvurderingar er utført. På Stødle har fylkeskommunen i samband med fredingssak gitt lovnad på at plassen kan utvidast (mykje av arealet ligg også delvis i eit nedlagt sandtak). På Grindheim, som er den plassen det hastar mest å bygge ut, er det allereie innvilga dispensasjon på LNF (vilkår: sjekk av ev. kulturminne). På Gjerde ligg kring halve arealet inne som vegareal i ein eldre reguleringsplan, så illustrasjon nedanfor. Resten av vegarealet vestover blir tilbakeført til landbruk i KPA, sidan veganlegget er uaktuelt å bygge ut (gamal trase for ny E 134).



5.1.12 Kombinert byggje- og anleggsmål (1800)

Arealføremålet er nytta der det vert opna for ein kombinasjon av bustad og lettare næring. Dette er:

- Vidareført uendra: Teigland
- Nytt område: Ospehaugen (Milja).

5.2 Samferdselanlegg og teknisk infrastruktur

5.2.1 Veg (2010)


Dei fleste vegar er ikkje teikna inn i plankartet, men vert vist som del av grunnkartet. Regulert vegareal i reguleringsplanar som skal generaliserast er gjeve arealføremålet *Veg*.

Vegnettet har spelt ei viktig rolle ved vurdering av nye arealføremål i dette planforslaget. Til dømes er Sørstrandsvegen sårbar ved at dette er einaste ferdslåre, og det finst ikkje alternative ruter om det skulle skje ei ulukke. Sjølv om det er planlagt utbetring av fem punkt på Sørstrandsvegen, har me vurdert at området berre eignar seg for mindre ny utbygging. Det vert difor ikkje lagt opp til større bustadområde i dette området av kommunen.

Tilsvarande kunne Fv. 5014 som går langs Nordstranda og Skånevikstranda vore av betre kvalitet. Ulempa for fastbuande ved hendingar på vegen er likevel noko redusert då det er høve til å køyre motsett veg anten «rundt» Etne eller «rundt» Skånevik sentrum for å kome der ein skal. Det vert heller ikkje lagt ut større bustadområde langs denne vegstrekninga. Unnataket er bustadområdet som er planlagt på Fjøsna med om lag 3-4 nye bustadar, men langs denne strekninga er det planar om å byggje ut med fortau fram mot Julaskår. Elles er det planar om hyttebygging langs vegstrekninga, men dette vert vurdert til å generer mykje mindre trafikk enn fastbuande.

Plangrep: Ny E134

- Trase for ny E134 Bakka-Solheim, som i Etne kommune strekkjer seg frå Bakka til Fikse (kommunedelplan vedteke i 2015), er vist som juridisk linje. Av denne linja følgjer eit byggeforbod på 50 m frå midtlinja på begge sider av traseen.
- Tilhøyrande føresegn som omhandlar ny E134 er henta frå kommunedelplan for E134 Bakka – Fikse i Etne kommune og lista opp i føresegnene. Til høgre følgjer eit utklipp frå kommunedelplanen slik vegstrekninga er teikna inn i kommunedelplan for E134 Bakka – Fikse i Etne kommune.
- Me syner elles til føresegn nr. 2.5.2 *Byggegrense mot veg*, der me har lagt inn byggegrenser for E134, fylkesvegar, kommunale vegar og gang-/sykkelvegar.



5.2.2 Hamn (2040)

Større hamner og kaier med kapasitet til å ta i mot større båtar enn småbåthamner er gjeve arealføremålet *Hamn*. Dette gjeld:

- Vidareført: Tongane industriområde, Etne sentrum, Leknestangen/Skånevik, Teigland og Markhus i Åkrafjorden, Fjæra kai (regulert område)
- Nytt område: Eljarvik gard, men dette området ligg under arealføremålet *Fritids- og turistføremål*.

Plangrep:

- Det er gjort ei behovsvurdering: alle anlegga trengst å vidareførast, sidan dei dekker eksisterande og framtidige behov i ulike delar av kommunen, mest næringsmessige behov og reiselivstilbod.
- På Leknes har me fjerna litt sjønært areal i industriområdet og erstatta med grønstruktur. Arealet er særst bratt og det vil gi mykje terrenginngrep å skape landareal for industri/hamn her. Neset er eksponert og treng grøne drag for å bryte opp dei utbygde føremåla.

5.3 Grønstruktur

5.3.1 Naturområde – grønstruktur (3020)

Arealføremålet *Naturområde – grønstruktur* er nytta til å sikre grønne parti mellom utbyggingsformål og naturområde, samt andre «grønne lunger». Dette gjeld:

Vidareført: Sørleg del av øya Skåno, strandsone på Teigland, kantvegetasjon langs Etnevassdraget, Planteskuleskogen på Enge («100-metersskog»), Leknes camping.

Nytt område: Leknestangen.

Plangrep:

- På Leknes har me fjerna litt sjønært areal i industriområdet og erstatta med grønstruktur. Arealet er særskilt bratt og det vil gi mykje terrenginngrep å skape landareal for industri/hamn her. Neset er eksponert og treng grønne drag for å bryte opp dei utbygde føremåla.

5.3.2 Turdrag (3030)

Arealføremålet *Turdrag* er nytta til å sikre eit belte mellom utbyggingsområde og sjø for å sikre ålmenta tilgang til sjø. Dette gjeld:

- Vidareført: Kantvegetasjon mellom Tongane og Etnevassdraget.
- Nytt område: Naustområde på Skålnes.

Plangrep:

- Det er innspel om å føre opp rorbuer i eit eksisterande naustområde på Skålnes. Det er lagt inn eit mindre areal med *Turdrag* her for å sikre ålmenta tilgang til sjø.

5.3.3 Friområde (3040)

Regionalt viktige friområde, forvalta av Friluftsrådet Vest, vert gjeve arealføremålet *Friområde*. Dette gjeld:

Badeplassar:

- Vidareført: Sandvik på Skånevikstranda, Peparholmen i Skånevik, Honsvikjo på Osnes.

Rasteplassar:

- Nye område: Øvstebøhammaren og Lurasund ved Stordalsvatnet.

Tur- og båtutfartsområde:


- Vidareført: Taraldsøy.

I tillegg vert regulerte friområde i generaliserte reguleringsplanar vidareført som friområde. Dette gjeld:

- Ve (bustadfelt), Eiriksvik (hyttefelt), Olav Vik stiftinga (friområde på Osnes), Tordisrinden på Osnes (bustadfelt), Veavik (hyttefelt), Ligrend (bustadfelt), området bak helsestasjonen i Skånevik (tidlegare parkområde, privat areal).

Plangrep:

- Viktige einskildområde er sikra i plan.
- Andre område nytta til friluftsliv, inkludert dei kring 60 kartlagde områda i temakartet (med tilhøyrande retningsliner i punkt 9.3), ligg i arealføremålet LNF.
- Der ligg også mykje friluftssinteresser sikra innan andre føremål og omsynssonar, t.d. friområde i sjø, bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, naturmiljø/biologisk mangfald, grønstruktur og byggegrenser mot sjø og vassdrag.



Over: Friområde på Sandvik er drifta av Friluftsrådet Vest og vert gjeve arealføremålet *Friområde* i nytt planforslag. Sjøområdet utanfor friområdet vert gjeve arealføremålet *Friluftsområde i sjø*

5.4 Landbruk-, natur- og friluftsområde, samt reindrift

5.4.1 LNFR – Landbruk-, natur og friluftsområde (5100)

Landbruk har ein stor verdi for kommunen både som næring, arbeidsplass og i høve til identitet og kulturlandskap. I følgje SSB er 21,7 % av innbyggjarane i Etne kommune busett på ein landbrukseigedom, og 176 personar er registrert sysselsett innanfor sektoren jordbruk, skogbruk og fiske. Jord- og skogbruksareal er gjeve arealføremålet *LNFR areal for naudsynste tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknyta næringsverksemd som er basert på garden sine ressursgrunnlag*.

Plangrep:

- Jordvern har vore eit førande prinsipp for arealbruken i kommuneplanforslaget. Ved å samanlikne markslagkartet og kommuneplaninnspela, har me fått fram konfliktar mellom jordbruksareal og utbyggingsområde. I dei tilfella der det har blitt registrert konflikt, har me så langt det har latt seg gjere teke omsyn til jordbruksareala ved å justere utbyggingsområda.
- Det er berre i svært få tilfelle tillate utbygging på dyrka mark/innmarksbeite. I dei tilfella det vert opna for dette, er det gjort ei grundig vurdering av fordelar/ulempar og om det finst andre alternative plasseringar.
- For å redusere talet på unødvendige dispensasjonssøknadar vert det lagt inn ei føresegn som omhandlar moglegheita til å føre opp garasje/uthus på eksisterande utbygde tomter.
- Det er utarbeida retningslinjer med vilkår som skal leggjast til grunn ved vurdering om det skal innvilgast dispensasjon for oppføring av naust i LNF-område.
- For bygde eigedomar som strekkjer seg ned mot sjø, er det lagt eit belte med arealføremålet LNF mellom bygningsmassen og sjø. Dette er gjort for å synleggjere at det ikkje er tillate med utbygging i strandsona.

5.4.2 LNFR – Landbruk-, natur og friluftsområde, men der spreidd utbygging er tillate (5200)

I områda som normalt ville vore avsett til LNF-område, men der det finst tre eller fleire frådelt eigedomar i nærleiken av kvarandre, er dei frådelt eigedomane gjeve arealføremålet *LNFR areal for spreidd bustad og fritidsbustadar*. Arealføremålet skal redusere talet på unødvendige dispensasjonar på allereie bygde eigedomar, samt gje moglegheit for oppføring av nokre nye bustadar og fritidsbustadar der det er forsvarleg i høve til landbruksinteresser. Arealføremålet skal ikkje nyttast til å utvikle nye bustadfelt, men er meir meint som ein opning for å halde liv i krinsane, jf. pkt. 5.2 i samfunnsdelen til kommunen. Då reell risiko skal avklarast på siste plannivå, inkluderer ikkje dette arealføremålet område som er markert med aktsemdområde for naturfare i NVE Atlas.

Plangrep:

- Arealføremål og føresegner er supplert av ein tabell som syner kvoter for dei ulike områda der ein opnar for spreidd utbygging.
- Det er lagt inn føresegner som skal verne om landbruksinteresser i dei tilfella plankartet ikkje strekk til.
- Det må reknast som eit helsebringande tiltak å sikre ei viss grad av utbygging i distrikta. Sjølv om det er viktig å verne landbruksjord mot nedbygging, er det også viktig for menneskje som bur utanom sentrumsområda å sjå lys rundt seg, ha naboar å helse på, samt at ungane har nokon å leike med. Ein skal ikkje undervurdere viktigheita av menneskelege relasjonar!

5.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag

Kapittelet omhandlar arealføremål i sjøområda. Etne kommune har ei kring 103 km lang kystline langs Etnefjorden, Skåneviksfjorden og Åkrafjorden. Innan føremålet finn vi interesser både knytt til næring (fiskeri og oppdrett, trafikkområde, kaier og hamner), småbåtanlegg, fritidsfiske, natur og friluftsliv.

5.5.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner (6001)

Sjøområda i kommunen som ikkje er avsett til utbyggingsføremål, akvakultur eller anna spesifikt formål er gjeve arealføremålet *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner*.

Plangrep:

- Arealføremålet er nytta for å sikre fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsel og fiske.
- Det er tillate med naudsynt fortøying av anlegg for småbåthamn og akvakultur. Det er tillate med utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, fôr, varmpumper, straum og telenett ol., men slike tiltak skal på høyring hos aktuell mynde før løyve kan gis.

5.5.2 Ferdsel (6100)

Arealføremålet *Ferdsel* er nytta til å markere sjøområda utanfor hamner der båtar ferdast. Arealføremålet er vidareført frå reguleringsplanar som skal generaliserast. Områda er:

- Ved småbåthamner: Hamn (Leknes), Hagavik (Leknes), Kyrping, Julaskår på Fitja.
- Ved hamner/kaianlegg: Kyrping og Markhus i Åkrafjorden. Skånevik ferjekai.

Plangrep:

- Sikre trafikkareal i sjøområda utanfor hamner og kaianlegg der båtar ferdast.

5.5.3 Hamneområde i sjø (6220)

Arealføremålet er nytta til å markere hamneområde i sjø. Dette gjeld:

- Leknestangen, Brandvik på Skånevikstranda, Tøsse hamn.

5.5.4 Småbåthamn (6230)

Område der det vert opna for utbygging av småbåthamner i form av molo, kai og bryggjer er gjeve arealføremålet *Småbåthamn*. Dette gjeld:

Eksisterande småbåthamner:

- I og ved Skånevik; Skånevik Sentrum (4 stk), Leknes camping, på Berge, ved Ytre Nes og Tjeldflåt.
- Etne: Etnesjøen (2stk.), Fitja og Osnes/Eiriksvik.
- Åkrafjorden: Kyrping camping.

Nye småbåthamner:

- Skånevikstranda: Lauvvik, Nermark, Sandvik.
- På Sørstranda: Utstuno og Ve (2 stk.).
- Osnes: I Vågen.
- Nordstranda: Børkjenes/Seldalsvik.

Plangrep:

- Det er behov for fleire nye båtplassar for å gi tilbod til fastbuande og hyttefolk, samt redusere utfordringa med mange einskildkaier og -anlegg spreidd rundt i strandsona.

5.5.5 Fiskeriinteresser (6300)

Kast- og låssetjingsplassar, rekestrålefelt og gyteområde er gjeve arealføremålet *Fiske*. Områda er henta frå databasen til Fiskeridirektoratet, men med nokre få unntak:

- Kaste- og låssetjingsplassar i alle delar av kommunen.
- Rekestrålefelt i Etnefjorden og langs Skånevikstranda.
- Gytefelt for torsk ved Fjæra inst i Åkrafjorden.

Plangrep: For låssetjingsplassar ved følgjande 3 lokasjonar:

- Seldalsvik i Etnefjorden er erstatta av arealføremålet *Småbåthamn* og *Friluftsområde* i plankartet. Trongen for småbåthamn heng saman med planar om å utvide eit eksisterande område for fritidsbustadar.
- Lauvvik på Skånevikstranda er erstatta av arealføremålet *Småbåthamn*. Det er trong for småbåthamn i dette området.
- Ved Eiriksvik og Honsvikjo på Osnes oppstår det arealkonflikt i plankartet då me har valt å gje delar av området som er registrert som låssetjingsplass arealføremålet *Friluftsområde*. Markeringa er gjort for å synleggjere at områda er nytta som badeplassar. I praksis vil det ikkje oppstå arealkonflikt då aktivitetane er knytt til kvar si årstid.

5.5.6 Akvakultur (6400)

Føremålet gjeld i hovudsak stadfesting av eksisterande, konsesjonsgitte anlegg for oppdrett av laksefisk. Anlegga er gjeve arealføremålet *Akvakulturanlegg*.

- Eksisterande oppdrettsanlegg i sjø: Ebnehanen (vest for Taraldsøy), Tendalsvik (aust for Taraldsøy), Tungesvik (aust for Skånevik) og Rafdal i Åkrafjorden.
- Eksisterande oppdrettsanlegg på land: Settefiskanlegget på Fjæra.
- Ikkje utbygde anlegg i sjø, opphavleg omsøkt som skjeloppdrett: Aksland på Skånevikstranda, Skorsvik (vest for Kyrping), Blodteigvik (aust for Kyrping) og to lokalitetar utanfor Teigland i Åkrafjorden.
- Fjerne lokasjon: Ved Molnes aust for Taraldsøy.

Plangrep:

- Det vert ikkje opna for nye anlegg i denne planperioden. Eksisterande produksjonsareal for laksefisk vidareførast.
- For Tungesvik er lagt inn ei omsøkt flytting av anlegget 350 m lenger ut i fjorden, pluss noko arealutviding (overgang frå stålbur til plastringar). JI høve til kommunen sine ansvarsområde i akvakultursaker synast flyttinga å ha overvekt av nytte kontra ulempe. Mowi er einaste oppdrettselskap med lokalitetar i Åkrafjorden (inkl. Kvinnherad si side av fjorden), kor det er stamfisk som er vert produsert (om lag halv biomasse av skaltefiskproduksjon).
- Lokaliteten ved Molnes er tatt ut. Mowi hadde for nokre år sidan eit produksjon i tett kar inne ved land her, men dette vart flytta til Ryfylke. Og sidan er avtalen med grunneigar på Molnes gått ut. Der er i tillegg korte avstandar bort til dei andre lokalitetane rundt Taraldsøy, jf. fare for forureining og sjukdomssmitte mm.
- Vidareføring av ubrukke akvakulturlokalitetar, som opphavelig vart omsøkt for skjelproduksjon, er grunnlagt med at der er ei kontinuerleg utvikling innan produksjon av mange ulike marine artar av fisk, kråkebolle, sjel og sjøpølse og andre blautdjur, som tilseier at lokasjonane kan bli aktuelle i framtida.

5.5.7 Naturområde (6600)

Arealføremålet *Naturområde* er nytta til å markere naturområde i sjø/vassdrag. Dette gjeld:

- Skåno, Osnesvegen, Etnevassdraget.

5.5.8 Friluftsområde i sjø og vassdrag (6700)

Arealføremålet *Friluftsområde i sjø og vassdrag* er nytta for å sikre ålmenta sine interesser i sjøområda utanfor areal som er sett av til arealføremålet *Friområde* (3040). Dette gjeld stort sett dei same områda som nemnt i pkt. 5.2.1.

- Sandvik på Skånevikstranda, Honsvikjo på Osnes og Peparholmen i Skånevik.

Arealføremålet er også nytta til vassdrag og fjellvatn.

Plangrep:

- Arealføremålet vert nytta for å sikre badande tilgang til sjøområda utanfor areal som er sett av til *Friområde*.

5.5.9 Kombinert formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone (6800)

Gjeld områda rundt eksisterande oppdrettsanlegga der forankringspunktta til anlegga er festa til havbotnen er gjeve arealføremålet *Kombinert formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone*. Dette gjeld anlegga ved:

- Ebnehanen vest for Taraldsøy
- Tendalsvik aust for Taraldsøy
- Tungesvik aust for Skånevik
- Rafdal i Åkrafjorden

Plangrep:

- Avgrensinga av ankringsområda er basert på data om koordinatar frå verksemdene eller konsesjonane. Føremålet med areala er å synleggjere og sikre areala som trengs for å ankre opp oppdrettsanlegga. Andre aktivitetar, som t.d. fiskeinteresser (t.d. trål- og garnfiske) er lite foreinleg med ankringsanlegga for oppdrett.

5.6 Omsynssoner

Omsynssoner vert nytta for å vise omsyn og restriksjonar som har vesentleg betydning for bruken av eit areal, uavhengig av arealføremål. Omsynssoner kan vere knytt til naturgitte eller lovregulerte forhold, eller gi krav til kvalitet og utforming. Under vert det kommentert kva omsynssoner som vert nytta i ny plan.

Omsynssoner med tilhøyrande føresegner er juridisk bindande, medan retningslinjer er retningsgivande.


5.6.1 Sikring- og faresoner (H310, H320)

Sikringssoner vist som omsynssoner er m.a. større kraftlinetrasear i kommunen; for 66-kV-nett og oppover.

Omsynssone fare går i hovudsak fram av aktsemdkarta til NVE når det gjeld tema flaum, steinsprang, snøras, jord- og flaumskred og marin grense. Jf. rundskriv H-5/18 skal reell fare avklarast på siste plannivå. Område som vert gjeve utbyggingsføremål og som samstundes er vist med omsynssone fare i plankartet, vil difor få krav om reguleringsplan ved utbygging. For tiltak som skal kunne realiserast direkte med heimel i arealdelen til kommuneplanen, må krav til kartlegging, risikovurdering og oppfølging på reguleringsplannivå vere ivaretatt gjennom kommuneplanprosessen.


Naturfareområda vist som omsynssoner i plankartet er: Flaum, Snøskred- og steinsprang (såkalla NGI-sone) og Jord- og flaumskred. NGI-sonene syner aktsemdområde samla for dei to skredtypane, men er berre utarbeidd for dei tettast busette områda i kommunen. Mellom Ullensvang grense og vestover til Teigland, og i fjellområda elles i heile kommunen, har NVE ikkje utarbeidd felles aktsemdområde for Snøskred- og steinsprang (NGI). For desse områda må ein, som tidlegare, nytte dei avskilte aktsemdkarta for Snøskred og for Steinsprang (illustrasjon nedanfor). Desse markeringane dekkjer svært store område, der nye utbyggingstiltak då ikkje kan realiserast med direkte heimel i planen. Berre i eit område i austenden av Rullestadvatnet og tre område på Skromme er det opningar. Her har me då lagt inn arealføremålet LNF-spreidd utbygging.

Under: Utklipp frå NVE Atlas. Aktsemdområde for naturfare: Snøskred (raud/rosa), Steinsprang (svart/grå).



Fordi omsynssona for snøskred og omsynssona for steinsprang dekkjer så store område og er så tung å laste inn i plankartet, har me valt å stoppe markeringa av omsynssona på toppen av fjellområda. Dette betyr likevel ikkje at det ikkje er skredfare i fjellet, men at ein i desse områda må greie ut skredfara direkte i NVE Atlas.

Under: Utklipp frå plankartet som syner korleis omsynssone for skred er redusert til å gjelde områda der folk ferdast.



Tilhøyrande føresegner til omsynssone for faresoner er lista opp i kap. 8.3 i dokument for føresegner.

5.6.2 Omsynssone drikkevasskjelder med tilhøyrande nedslagsfelt (H120)

Omsynssona vert nytta for å sikre at viktige kommunale drikkevasskjelder ikkje vert forureina. Tilhøyrande føresegner til omsynssone for drikkevasskjelde er lista opp i pkt. 8.1.1 i dokument for føresegner.

5.6.3 Omsynssone støy (H220)

Sone som vert sett rundt E134 og fylkesvegane for at ein skal vere merksam på tilhøva ved oppføring av nye tiltak. Dette er henta frå vegvesenet sin database. Tilhøyrande føresegner og retningslinjer til omsynssone for støysoner er lista opp i pkt. 8.2.1 i dokument for føresegner.

5.6.4 Omsynssone fare skytebane (H290)

Omsynssona vert nytta til å sikre området rundt skytebanane.

5.6.5 Omsynssone kulturmiljø (H570)

Kommunedelplan for kulturmiljø i Etne 2022-2026 vart vedtatt 12.12.2022. Område som har fått status som kulturmiljø i kommunedelplanen er markert med omsynssone H570 i arealdelen til kommuneplanen. Liste over område som er omfatta av omsynssona ligg vedlagt på s. 34 i føresegnene. Liste over retningslinjer knytt til omsynssone for kulturmiljø er lista opp i pkt. 8.4.3 i dokument for føresegner.


5.6.6 Omsynssone bevaring naturmiljø (H560)

Omsynssone for bevaring av naturmiljø går i hovudsak fram av Naturbasekartet til Miljødirektoratet og omfattar mellom anna:

- Etnefjorden som Nasjonal Laksefjord, jf. forskrift om laksefjordar på lovdata.
- Verna vassdrag: Etnevassdraget, Vikedalsvassdraget (Bjønndalen), Langfoss, Saltåna og Mosneselva
- Naturvernområde: Folgefonna nasjonalpark, 3 naturreservat: Skåno (sjøfugl), Brattholmen med fyr (sjøfugl), Langebudalen (barlind) og Sævareidberget landskapsvernområde (edellauskog).
- Naturtypar: A, B og C-område. Faktaark for kvart område ligg på Naturbasen (DN-handbok 13 og 19).
- Område for villrein i indre Etnefjella og Åkrafjorden. Delområdet i Midtre Etnefjell og Sørfjellet, som ligg i Naturbasen, er ikkje teke med fordi her er reinen utdøydd eller har vandra ut. Siste observasjon av dyr var i følgje representant for grunneigarane i 2015, og det er etter det me veit ikkje planar om å setje ut fleire dyr. Begge nemnte stammar har vore utsette dyr, men utsette stammar skal i dag forvaltast som villrein.

Liste over retningslinjer knytt til omsynssone for naturmiljø er lista opp i pkt. 8.4.1 i dokument for føresegrer.

Under: Kartutsnitt som syner villreinområde i Midtre Etnefjella og Sørfjellet som ikkje er teke med, og villreinområde i Indre Etnefjella og Åkrafjorden som er teke med.



5.6.7 Omsynssone detaljering (H910)

Omsynssona vert nytta der eksisterande reguleringsplan skal gjelde i sin heilskap, sjå liste pkt. 1.3 i dokument for føresegrer.

5.7 Bandleggingssone

5.7.1 Bandlegging etter kulturminnelova (H730)

Bandleggingssone for automatisk freda kulturminne er lasta opp i plankartet frå database frå Riksantikvaren. Automatisk freda kulturminne som finst i Etne kommune er:

- Faste kulturminne frå før 1537.
- Ståande byggverk med dokumentert opphav frå perioden 1537-1649 (Gjerde kyrkje, Grindheim kyrkje, Etne prestegard).

Liste over føresegner knytt til område som er bandlagt etter kulturminnelova er lista opp i pkt. 8.5.2 i dokument for føresegner.

5.8 Temakart

Temakart med retningsliner er ikkje juridisk bindande, men retningsgivande.

5.8.1 Kjerneområde landbruk

Kjerneområde landbruk er henta frå Regional plan for areal og transport på Haugalandet og omfattar dei viktigaste jordbruksareala i Etne kommune. Viktige kriterium for utarbeiding av kjerneområda er å gi føreseielegheit for dei som driv innan landbruket; ein tryggleik for at i desse områda skal omsynet til landbruket vektleggast høgt. I tillegg skal vi vurdere å fastsetje ei langsiktig grense for landbruk rundt tettstadane.

Tilhøyrande retningsliner er lista opp i pkt. 9.2 i dokument for føresegner.

5.8.2 Kartlagde friluftsområde

Kartlagde friluftslivsområde og statlege sikra friluftslivsområde er vist som temakart. Om lag 60 område. Faktaark for kvart område ligg på Naturbasen.

Retningsliner knytt til kartlagde friluftsområde er lista opp i pkt. 9.3 i dokument for føresegner. Føremålet er å hindre nedbygging eller oppføring av nye tiltak som kan kome i konflikt med ålmenta sine interesser.

5.8.3 Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA)

KULA – registeret er utarbeida av Riksantikvaren. Føremålet med kartlegginga er å gi informasjon om kva landskap med kulturhistoriske verdiar som er av nasjonal interesse. Store delar av Etnebygda ligg inne i KULA-området, totalt 18 km², sjå illustrasjon nedanfor.

Retningsliner er lista opp i pkt. 9.1 i dokument for føresegner Dei er basert på føringar i KULA-rapporten frå Riksantikvaren frå 2016. Her eit sentralt sitat frå kapittelet om *Etne, rikt jordbrukslandskap med lang historie*:

Sårbarheit og retningsliner for forvaltning.

Landskapet er sårbart for masseuttak og for nybygging som gjer at terrassane i mindre grad framstår som i dag. Åssidene er sårbare for store bygg og inngrep som kan truge leselegheita til den historiske jordbruksbygda. Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmil[1]jø, med generell føresegner og retningsliner som formulerer målsetjinga for forvaltninga av området, og rammer for bruken av det. I den vidare utviklinga av Etne sentrum bør ein ta omsyn til dei kulturhistoriske verdiane m.a. med gode langsiktige grenser mellom byggeområde og jordbruksareal.

Under: Kart over KULA-område i Etne.



6. Samla konsekvensar for miljø og samfunn

Til kommuneplanens arealdel stiller forskrift om konsekvensutgreiingar av 01.01.2015 krav om utgreiingar for å klargjere verknader av tiltak som kan ha vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar eller samfunn, og at desse blir vurdert under planlegginga av tiltaket. For kommuneplanar kan konsekvensutredninga avgrensast til å greie ut verknaden av planen på eit overordna nivå. Konsekvensutredning på kommuneplannivå kan baserast på eksisterande grunnlagsdata. Utgreiinga kan avdekke forhold som må følgjast opp i reguleringsplan.

Alle område for utbygging og område som skal leggjast inn nytt eller utvidast i forhold til eksisterande plan er konsekvensutgreia på eit overordna nivå. Konsekvensutredning av dei enkelte områda ligg som vedlegg til planen og er bygd på eksisterande grunnlagsdata.

6.1 Dei samla konsekvensane av arealendringane og føresegnene til ny plan


6.1.1 Landbruk og fiske

Landbruk

Det er eit overordna mål om å styrke jordvernet i Noreg og stanse nedbygging av matjord.

I samband med kommuneplanarbeidet har me gått gjennom eksisterande arealdel til kommuneplan, kommunedelplan for Etnesjøen og reguleringsplanar som skal generaliserast. Utbyggingsføre mål som ikkje er realisert og som ikkje samsvarer med dagens jordvernspolitikk, er tatt ut og omgjort til LNF-område. Som eksempel viser utklippet til høgre del av bustadområde på Kambe som er omgjort frå bustadføre mål til LNF-område.

Under følgjer ein tabell som syner oversikt over tidlegare utbyggingsområde som no er omgjort til arealføre målet LNF.



Område	Tidlegare arealføre mål	Tilbakeført til LNF dekar	Status i markslagkartet
Etnesentrum (Gjerde)	Veg, tidlegare trase for E134	9,4	Fulldyrka
Enge	Hestesportsanlegg	21,9	Fulldyrka
Silla, vest for Kambefeltet	Bustad	12,7	Innmarksbeite
Litledalen	Næring, vasskraft SKL	3,7	Fulldyrka
Osvåg (Gjerde)	Bustad	7,5	2,5 da fulldyrka, 5 da skog
Sørstranda (Ve)	Bustad	10,1	Skog og noko fulldyrka
Røynesnes	Bustad	30 (reell differanse 6,3 dekar)	Skog
Gjerdslia	Næringsareal	62,5 (reel differanse – 14 dekar)	Skog og noko myr
Gjerdslia	Bustad	150	Skog, noko myr, noko innmarksbeite
Svindalen (Børkjenes)	Camping	7,7	2,2 da fulldyrka, 5,5 da innmarksbeite
Ebne Søre	Camping	65,8	27,7 da innmarksbeite, 38,1 da skog
Milja	Bustad	51,2	Skog + noko fulldyrka
Berge	Bustad	30,6	Skog
Nes Ytre	Fritidsbusetnad	247,8	Skog + noko innmarksbeite
Fjæra	Råstoffutvinning	29,3	Skog
Sum		640 da	

Eit anna grep for å styrke jordvernet har vore å redusere storleiken på areala som er sett av til LNF-spreidd utbygging i kringane. Fordi område for LNF-spreidd utbygging er supplert av kvotar som syner kor mange bustadar og fritidsbustadar det er opna opp for i planperioden, er ikkje arealføremålet LNF-spreidd utbygging synonymt med utbyggingsføremål. Vår vurdering er likevel at det er positivt for jordvernet å redusere storleiken på desse områda, då ein i større grad kan sikre at nye bustadar og fritidsbustadar vert plassert i nærleik av etablerte vegar og busetnad.

Under følgjer ein tabell som syner oversikt over talet på areal som er avsett til LNF – Spreidd utbygging i eksisterande arealdel og nytt planforslag.

Arealføremål	Eksisterande KPA da	Ny KPA da	Differanse
LNF	694 903	699 764	Talet på dekar som er sett av til LNF-område er auka med 4 861 i ny KPA.
LNF – Spreidd utbygging	8497	1804	Talet på dekar som er sett av til LNF-spreidd utbygging er redusert med 6 693 i ny KPA.


Sjølv om jordvern har vore eit viktig fokusområde i planarbeidet, fører fleire av endringane i arealføremål til at område som i gjeldande plan er avsett til LNF-område vert omgjort til utbyggingsområde. Nokre av arealendringane har likevel inga reell påverknad på tap av LNF-område. Innanfor arealføremålet *Offentleg- eller privat tenesteyting* er til dømes 9,5 da omgjort frå LNF-område, men dette består av forsamlingshus, bedehus og liknande som allereie er oppført. Under følgjer ein tabell som syner reelle tal for kor mange da LNF område kvart utbyggingsområde legg beslag på. Eksisterande tomter som allereie er bygd på er halden utanfor i denne tabellen. Unntaket er for arealføremålet *Naust* der det hovudsakleg er tale om allereie utbygde naustområde der det vert opna for fortetting.

Nytt Arealføremål	Areal dekar
Bustad	51,4
Fritidsbustad	118,1
Sentrumsføremål	9,5
Offentleg eller privat tenesteyting	0
Fritids- og turistføremål	16,5
Råstoffutvinning	64,7
Næring	243
Idrettsanlegg	15,8
Andre typar bygg og anlegg (naust)	21,5
Grav- og urnelund	7,9
Kombinert bygg og anleggsføremål	4,0
SUM	552,2 da

Utviding av gravplassane ved Gjerde kyrkje, Stødle kyrkje og Grindheim kyrkje fører til saman til tap av om lag 8 da fulldyrka jord. Ved Stødle kyrkje inkluderer utvidinga av gravplassen også areal til ny parkeringsplass noko som det er stor trong for.

Det er tidlegare vedtatt at kommunen skal ha ein desentralisert struktur for gravplassar, og for å oppretthalde dette tilbodet er det naudsynt å utvide totalt fire gravplassar i kommunen. Den siste gravplassen ligg ved Fjæra kapell, men denne utvidinga legg ikkje beslag på dyrka mark. Samfunnsnytta av innspela vert vurdert til å vere stor.

Under: Utviding av gravplass ved Stødle kyrkje.




I kapittelet om barn og unge sine interesse har me omtala innspelet om idrettsbanen på Enge som legg beslag på om lag 7,8 da fulldyrka jord. Området har vore nytta av idrettslaget i over 10 år, men har tidlegare vore avsett til LNF i plankartet.

Eit tredje kommuneplaninnspel som legg beslag på dyrka mark er innspelet frå Knudsen Dørfabrikk om å utvide næringsområdet med 2,2 da. Verksemda har gjort store investeringar i produksjonslokalet, og flytting til anna lokasjon er ikkje aktuelt.

I Midtre Etnefjella og Sørfjellet er det vidareført eit større område for fritidsbustadar frå eksisterande arealdel. I dette planforslaget er området delt i to slik at grunneigarlaga, Kaldheim fjellgruppe og Grindheim og Litledalen fjellgruppe, får kvar sitt område markert i plankartet. I

samsvar med kommuneplaninnspel frå Grindheim og Litledalen fjellgruppe er kvote i nytt planforslag redusert frå totalt 100 einingar til resterande 25 einingar på kvar av grunnlaga. Kaldheim fjellgruppe har allereie utarbeida reguleringsplan for 25 einingar. Reduksjonen heng saman med at området er eit populært utfartsområde for folk i heile regionen og nytta som beiteområde for lokale gardbrukarar, samt enkelte leigetakarar. Det er nærliggjande å tenkje at ei realisering av prosjektet kan føre til konflikt med beiteinteresser, og at utbygginga såleis vil ha negativ innverknad på landbruksinteressene i området. Det har likevel vore eit høgt ønskje i kommunen å få til eit utbyggingsområde for fritidsbustadar i fjellet slik at det skal vere eit tilbod om hytte i fjellet for andre enn grunneigarane sjølve.



Over: Område for fritidsbustadar i Midtre Etnefjella og Sørfjellet.

Fiske

I høve til fiskeriinteresser er det lite endring frå eksisterande plan til nytt planforslag. Eksisterande konsesjonsgjevne akvakulturanlegg er kvalitetssjekka i høve til rett plassering og ankringsområda er teikna inn i plankartet. Anlegget i Tungesvik er flytta lenger vekk frå land, men dette vert vurdert som positivt i høve til anna aktivitet på land. For denne næringa er det såleis i stor grad berre tale om stadfesting av eksisterande tilhøve.

Totalt fire kaste- og låssetjingsplassar i sjø vert i dette planforslaget heilt eller delvis erstatta av anna arealføremål. Kaste- og låssetjingsplassane som ligg i Seldalsvika og i Lauvvika er erstatta av småbåthamner. Desse kast- og låssetjingsplassane har ikkje vore i bruk på mange år, og nytteverdien av å leggje til rette for småbåthamner her må reknast å vere større. I begge tilfella er det også kort avstand til neste kast- og låssettingsplass.

I Honsvikjo og Eiriksvik på Osnes er det lagt inn friluftsområde i sjø utanfor badestrendene. Dette vert ikkje rekna som arealkonflikt då desse aktivitetane går føre seg på kvar si årstid.

6.1.2 Biologisk mangfald

All nedbygging av LNF-område fører i utgangspunktet til tap av naturmangfald, og fleire av arealbruksendringane vil såleis få negative konsekvensar for det biologiske mangfaldet.

Det største innspelet i areal er Fikse Vest der det er sett av 138 da til nytt næringsområde. Området inngår i eit viktig viltområde kalla Trommedalen/ Sørstranda i viltkartlegginga utarbeida av Etne kommune. Storleiken på dette viltområdet er

I indre Etnefjella og Åkrafjorden er det lagt inn ei omsynssone som markerer område der villrein ferdast. Innanfor denne sona ligg Simlebu turisthytte og Sandvasshytta. I tillegg ligg Blomstølen turisthytte om lag 250 m utanfor sona. Alle hyttene er eigd og drifta i regi av DNT. I nytt planforslag er hyttene gjeve arealføremålet LNF-Spreidd utbygging. Føremålet er å leggje til rette for at hyttene kan utvidast utan at det er naudsynt å søkje om dispensasjon. For å ta omsyn til villreinen, er det tatt med følgjande retningsline til omsynssona:

Innanfor omsynssona skal villreinen sine interesser prioriterast i arealforvaltninga, søknad om tiltak og i all sakshandsaming. Etablering av nye stiar og løypetraséar skal vurderast lagt utanom dei mest sårbare områda i dei mest sårbare årstidene. Ved vurdering av planar, tiltak og ved eventuelle interessekonfliktar i området, skal dette avklarast gjennom konsekvensutgreiing basert på fagleg oppdatert kunnskap om villrein.

Me vurderer omsyna til villreinen som tilstrekkeleg tatt i vare. Forholdet med turisthytter og turgåarar i området er allereie oppretta, og arealendringa handlar om å gjere saksgongen enklare for gode og ålmennyttige tilbod.

6.1.3 Landskap

Konsekvensutgreiingane viser at nokre av kommuneplaninnspela vert vurdert til å påverke landskapsbiletet i eige nærområde. Dette gjeld i hovudsak større innspel som ofte ligg innanfor strandsona.

Framtidig bustadområde på Røyenesnes ligg eksponert i innseglinga inn mot Etne sentrum. Utbygginga av dette bustadfeltet ligg fram i tid, og avbøtande tiltak må vurderast i samband med utarbeiding av reguleringsplan. Dette innspelet gjeld også berre justering av eit eksisterande område, og sjølve justeringa er i seg sjølv ikkje den delen av feltet som er mest eksponert.

På Nordstranda og Skånevikstranda er det planar om fleire hyttefelt der delar av felta ligg innanfor strandsona. Innspelet om småbåthamn i Seldalsvika og fritidsbustadar på oppsida av fylkesvegen er vurdert til å ha innverknad på landskapsbiletet dersom er kjem køyrande langs fylkesvegen eller i båt frå sjøside.

Område for fritidsbustadar på Nermark og Sandvik vert ikkje synleg frå fylkesvegen, men om ein kjem frå sjøside vil inngrepa vere synlege. Eit viktig grep er å bevare grønstruktur og åsryggar. I desse felta er det også lagt inn godt med LNF-område i og mellom utbyggingsområda.

6.1.4 Kulturminne/kulturlandskap

Etne kommune er rik på kulturmiljø og i nytt planforslag er det gjort eit godt arbeid med å forvalte kulturminne og kulturmiljø for vidare generasjonar.

Planforslaget har generelle føresegner og retningslinjer som set krav til tiltak som vedkjem kulturminne eller omgjevnadane til kulturminne.


Parallelt som me har arbeida med å utarbeide planforslag til ny arealdel til kommuneplan, har Vestland fylkeskommune arbeida med fredingssaka på Stødle/Sørheim. I dette planforslaget er det lagt ei bandleggingszone over området, og det er utarbeida tilhøyrande føresegner og retningslinjer.

I desember 2022 vart kommunedelplan for kulturminne i Etne kommune vedtatt i kommunestyret. Planen inkluderer skildring av 95 kulturminne og kulturmiljø i kommunen. Desse er vist med omsynssone H570 i plankartet. Områda er også lista opp på vedlegg ??.

Osnes, Matskår, Etnesjøen, Fjøsna, Midtbygda, Sørbygda og Grønstad med områda rundt er registrert som KULA-område. KULA står for *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse*, og arbeidet er utført av Riksantikvaren. I dette planforslaget er KULA-område vist som temakart med eigne føresegner og retningslinjer.

Utviding av sandtaket på Sørheim ligg i randsona til fredingsområde på Stødle/Sørheim, og dette er truleg det innspelet i planforslaget som utfordrar kulturomsyna i størst grad. Trongen for å utvide sandtaket er reelt og eit viktig grep for næringslivet i kommunen. Vår vurdering er difor at utviding av sandtaket bør la seg gjennomføre så sant ein held seg utanfor område som er avsett i fredingssaka.

Basert på informasjonen over meiner me at kulturminne/kulturmiljø og kulturlandskap er tatt tilstrekkeleg i vare.



Over: Utklippet syner korleis utvidinga av sandtaket er planlagt i randsona av fredingsområde på Stødle/Sørheim.

6.1.5 Rekreasjon og friluftsliv

Planforslaget inkluderer plangrep som gjev enklare sakshandsaming for tiltak som bygger opp om rekreasjon og friluftsliv. Turisthyttene i fjellområda våre er gjeve arealføremålet *Fritids- og turistføremål*. Føremålet med arealendringa er å gjere det enklare for DNT og utvikle hyttene utan at det er naudsynt å søkje om dispensasjon frå arealføremålet.

Friluftsområda som er forvalta av Friluftsrådet Vest er markert med Friområde.

Under kapittel 6 i føresegnene er følgjande føresegn tatt med:

1. *Tiltak som fremjar friluftslivet som til dømes gangbru, klopper, gapahuk (inntil 15 m²), gjerdeklyvar, rasteplass, ute-toalett, skiting mm. er tillate utan søknad om løyve. Dessa tiltaka må ha ålmenn tilgang og bruksrett, og må i tillegg ta særleg omsyn til natur, kulturminne og landskapsverdiar. Tiltak utan krav til byggjesakshandsaming har meldingsplikt.*


I sentrumsområda i Etne og Skånøvik vert det lagt inn ei føresegn som legg til rette for at det kan kome strandpromenade. Asplan Viak har tidlegare utarbeida ei mogelegheitsstudie for Skånøvik sentrum og Etne sentrum der det er teikna inn strandpromenade. Under følgjer eit bilete henta frå studia.



Samla sett vil utviding av nye område for fritidsbustadar på Børkjenes, Nermark og Sandvik i sum truleg ha ei negativ påverknad på friluftslivet i området. Dette er likevel område som i hovudsak er nytta av menneskjer med hytte i nærleiken.

I nokre område ligg småbåthamnene tett, og dette kan kome til å ha ei innverknad på ålmenta si moglegheit for rekreasjon og friluftsliv. Spesielt gjeld dette for fritidsbustadområda Nermark og Sandvik. På den andre sida er dette område som er sterkt prega av å vere nytta av hytteeigarane i området, og det er heller tvilsamt at ålmenta vil ta seg ned mellom dei mange fritidsbustadane for å nyte strandlivet blant hyttefolket. Etablering av småbåthamner aukar også tilgjenge til sjø for brukarane i området. For småbåthamna på Børkjenes er det i vedtak frå styringsgruppa sagt følgjande: *Det må leggjast ut badebøyer for å skilje strand og svaberg frå småbåthamn.*

Det viktigaste tiltaket for rekreasjon og friluftsliv i Skånøvik er truleg at småbåthamna i Hamn og området rundt er omgjort frå næringsareal til småbåthamn og friområde. Dette har vore arealendringa som det er kome flest innspel på i planperioden.



Over: Småbåthamna i Hamn og friområde ligg aust for næringsområde.

6.1.6 Barn og unge

Idrettsbanen på Enge er ei arealendring som er negativ for landbruket, men positiv for barn og unge sine interesser. Banen har vore nytta av idrettslaget i over 10 år mellom anna til fotballkampar under Etne Cup.

Elles er det positivt for barn og unge at friområda vert vidareført. Til dømes er Planteskuleskogen, småbåthamna i Etne og Olav Vik Stiftinga mykje nytta av skule og barnehage.

Føresegnene inneheld tabell som syner krav til leikeplass ved oppføring av fire bustadar eller fleire. Føresegna skal sikre at det vert sett av tilstrekkeleg areal til leikeplass ved oppføring av bustadar.

7 Samandrag av risiko og sårbarheit i ny kommuneplan

Eit ROS-samandrag gir ein oversikt over dei viktigaste risiko- og sårbarheitsforholda som er relevante for kommuneplanen sin arealdel. Dette inkluderer ei vurdering av om føreslåtte arealbruksendringar påverkar risiko- og sårbarheitsforholdet i kommunen. ROS-samandraget er ein del av den samla risiko- og sårbarheitsanalysen, og gir ei kortfatta oppsummering av dei viktigaste funna og tiltaka som må setjast i verk:

- Risiko for områdekred under marin grense (kvikkleireskred)
Etne kommune har starta opp eit kartleggingsarbeid knytt til risiko for kvikkleireskred med mål om å snevre inn omsynssonene som i dag går i marin grense (75-80 moh.). Store delar av kommunen, og dei som bur her, er busette under marin grense som etter NVE sin rettleiar 1/2019 har trong for utgreiing før godkjenning av nye tiltak. Prosjektet er delvis gjennomført, men noko arbeid står framleis att. Det er forventa at dei nye omsynssonene kan først på plankartet før 2. gongs handsaming.
- Risiko for skogbrann
Potensiell risiko for skogbrann i Noreg er høgast i perioden frå tidleg vår til seint haust, når temperaturane er høge og det er lite nedbør. Skogbrannfaren er størst på mellom anna Vestlandet, då det her er mykje tørr lyng og mykje vind, noko som aukar sannsynet for at ein brann kan spreie seg raskt. Det er ulike tiltak som kan setjast i verk for å førebygge skogbrann, til dømes:
 - Informasjon til innbyggjarane om skogbrannfare og førebyggjande tiltak
 - Skogforvaltning; plante mindre brannfarlege treslag (gran, osp, rogn og bjørk), tilpasse hogstmetodar og tilpasse skogbruket til det lokale klimaet.
 - Fjerning av brennbart materiale (inkl. inkluderer dødt trevirke, lyng, gras og andre planterestar)
 - Brannbryterar som delar skogområde i mindre felt
 - Overvaking av skogområde

Kravet til innsatstid ved skogbrann i Noreg er at brannvesenet skal være på staden innan 30 minutt etter at brannen er meldt inn¹. Det er viktig å ha gode planar for beredskap og samarbeid mellom ulike nødetatar og frivillige organisasjonar for å sikre best mogleg innsats ved skogbrann, særleg for område i kommunen med lange avstandar og vanskeleg tilgjenge (t.d. fjellområda og inste delen av Åkrafjorden).

- Særleg om overvatn
Problem med overvatn kan reduserast eller fjernast ved å leggje tretrinnsstrategien til grunn ved utbygging². Strategien går ut på å 1) infiltrasjon, 2) fordryging og 3) trygg bortleiing, der kommunen sikrar naturlege areal som handterer overvatnet. Etne kommune er eit relativt lite utbygd kommune, med i gjennomsnitt 3 bustadar pr. km². Tettast utbygd er sentrumsområda Etnesjøen og Skånevik sentrum. For å sikre sentrumsområda mot skade frå overvatn, kan det vere naudsynt med ulike tiltak som reduserer og kontrollerer vasstraumen:
 - Grøne tak og overflater: Grøne tak og overflater kan bidra til fordryging og redusering av mengda overvatn som renn ut i gater og avløpssystem.
 - Regnbed: Regnbed kan samle opp overvatn frå takrenner og overflater og sørge for infiltrasjon i jord før det renn vidare ut i avløpssystemet.
 - Dreneringssystem: Eit dreneringssystem kan vere avgjerande for å hindre oversvømming og skadar på bygningar og infrastruktur.

¹ Lovdata, «Brann- og redningsvesenforskriften», <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2021-09-15-2755>, 01.05.2023.

² NVE, 4/2022 «Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar».

- Dammar og flaumvegar: Dammar og flaumvegar kan vere effektive tiltak for å kontrollere og leie vasstraumen vekk frå sentrumsområde og mot område som toler større mengder vatn.
- Klimatilpassing i vidare planlegging: Dette kan inkludere å bygge høgare og meir robuste bygningar, etablere større grøntområde med planting, og å leggje til rette for fleksible og tilpassingsdyktige løysingar for vegar og parkeringsplassar.

Det er i føresegnene til kommuneplanen sett særskilt krav til tekniske løysingar. Under følgjer føresegner for handtering av overvatn:

- *Utfordringar med overvatn skal takast omsyn til i planar og ved utbyggingstiltak. Kommunen kan setja krav til lokale løysingar for overvassproblematikk.*
- *Overvatn skal nyttast som ein ressurs for rekreasjon og biologisk mangfald. Vatn frå tak og overflater skal handterast lokalt for å sikre vassbalanse og for å unngå overbelastning på kommunen sine leidningar. Både overvatn og drensvatn må handsamast på ein slik måte at det ikkje direkte eller indirekte påfører andre eigendomar ulemper.*
- *I reguleringsplanar skal terreng og overflateutforming, grønstruktur, vegetasjon og overvasshandtering samordnast. Overvatn skal fortrinnsvis sikrast avrenning gjennom infiltrasjon i grunnen og opne vassvegar.*

Oppgradering av kommunen sin heilskaplege ROS

Den heilskaplege ROS-analysen til kommunen er ei meir omfattande analyse som vurderer risiko- og sårbarheitsforhold på tvers av alle sektorar og tema i kommunen. Analysen omfattar difor ikkje berre kommuneplanen sin arealdel, men alle områder som er relevante for kommunen og innbyggjarane.

Revidering av den heilskaplege ROS-analysen til kommunen er naudsynt for område/tema som gjennom kommuneplanen er supplert med oppdatert kunnskap. Den heilskaplege ROS-en må difor oppdaterast når det gjeld risiko for kvikkleireskred så snart prosjektet for friskmelding av område under marin grense er ferdigstilt.

Å vurdere revisjon av den heilskaplege ROS-en er også naudsynt i dei tilfella kommuneplanen legg til rette for endra byggjehøgder, auka tettleik og endring i talet på menneske. Etne kommune har ei framskriven negativ befolkningstrend, og det er ikkje venta ei markant tilflytting i løpet av planperioden. Det er heller ikkje lagt opp til ei særleg stor endring i utbyggingsmønsteret enn kva tilfellet var då den heilskaplege ROS-en var ferdigstilt i 2019. På dette området vert den heilskaplege ROS-en vurdert komplett.

Kommuneplanen legg derimot opp til større tettleik og auka byggjehøgder i sentrumsområda. Saman med framtidig auke i nedbørmengder er det fyrst og fremst problematikken knytt til auka overvatn som gjer seg gjeldande. Dette har direkte følgjer for det kommunale overvasssystemet som pr. i dag har trong for oppgradering. Eit underdimensjonert overvasssystem gir risiko for vasskadar på kommunen sine eigedomar, noko som må vurderast særskilt i ei revisjon av den heilskaplege ROS-en.



Kontakt oss
Resepsjonen på Tinghuset
53 75 80 00
Ope måndag-fredag
09.00-15.00

E-post
post@etne.kommune.no

Post- og besøksadresse
Sjoarvegen 2, 5590 Etne

Kommunenr. 4611
Org.nr. 959 435 375

